



Vestlandsforskning
Boks 163, 6851 Sogndal
Tlf. 57 67 61 50
Internett: www.vestforsk.no

VF rapport 5/2004

Evaluering av ”Ung i Sogn og Fjordane”

Delrapport 1 Ungdom og medverknad i ”Ung i Sogn og Fjordane”

Astrid Øydvin

VF Prosjektrapport

Rapport tittel Evaluering av Ung i Sogn og Fjordane. Delrapport 1. Ungdom og medverknad	Rapportnr. 5/2004
	Dato Mai 2004
	Gradering Åpen
Prosjekttittel Evaluering av Ung i Sogn og Fjordane	Tal sider
	Prosjektnr
Forskarar Astrid Øydvin	Prosjektansvarleg Berit Bringedal
Oppdragsgjevar Sogn og Fjordane fylkeskommune	Emneord Ungdomstiltak Sogn og Fjordane, ungdom Evaluering Medverknad
Samandrag Delrapport 1 er den første av tre rapporter som er ei evaluering av Ung i Sogn og Fjordane. Dette er eit program gjennomført av Sogn og Fjordane fylkeskommune, og er sett saman av ei rekke tiltaksprosjekt på 24 store og små satsingområde. Rapporten drøftar korleis ungdom på ulike vis kan medverke både til utforming av politikk til meir generelt å ha påverknadskraft i utforming av kvar dagen. Medverknad var ei viktig målsetjing i Ung i Sogn og Fjordane. Gjennom kvalitative intervju med ungdomar viser vi at dei i deler av programmet har vore svært aktive, medan dei er mindre synlege i andre prosjekt. Her har dei påverka gjennom å få tiltaka prioriterte, utan at unge sjølv har vore med i utforminga. Data viser at prosjekta dekker områder som er svært viktige for unge i fylket sin trivsel.	
Andre publikasjonar frå prosjektet	
ISBN nr ISSN: 0803-4354	Pris

Innhold

1. BAKGRUNN OG RAMME FOR KARTLEGGINGA	1
PROBLEMSTILLINGAR.....	1
METODE.....	2
UTVAL	3
UNGDOMAR I TRE KOMMUNAR; GLOPPEN, SOGNDAL OG LUSTER	4
AVGRENSING	5
2. UNGE I SOGN OG FJORDANE – SOM UNGDOMAR I RESTEN AV LANDET OG VERDA, LIKE OG ULIKE.....	7
FRAMTIDA I SOGN OG FJORDANE	7
3. MEDVERKNAD.....	8
HAR UNGE MAKТ?	9
ULIKE ARENAER DER UNGDOM KAN HA MAKТ	9
UNG SOM MEDBESTEMMANDE AKTØRAR PÅ SKULEN	11
DEMOKRATI I SKULEN: FRÅ ELEVråD TIL EIN UTVIDA FUNKSjon	13
MEDVERKNAD OG TILLIT	14
ELEVMEDVERKNAD OG ARBEIDSFORMER PÅ SKULEN	15
ENGASJEMENT	16
UNG I POLITIKKEN	17
4. AVMAKT.....	18
GUTANE I ”UTKANTEN” AV SKULEN	18
KEISEMD	20
5. TRIVSEL I LOKALSAMFUNNA.....	21
6. UNGDOM SOM KATEGORI	22
EIGEN IDENTITET OG MANGFALD	23
JAMALDRINGANE	24
Å BU PÅ HYBEL	24
FRITIDSTILBODET I BYGDA OG TRIVSEL	25
7. KJENNISKAP TIL PROSJEKTA I UNG I SOGN OG FJORDANE	26
8. KVA ER VIKTIGE TILTAK FOR UNGDOM?	27
TRANSPORT.....	27
VELFERDSORDNINGAR	28
9. UNGDOMSGRUPPA.....	31
10. LITTERATUR.....	32

Samandrag av samla rapportering

Evalueringa av Ung i Sogn og Fjordane og Ungdom og livsmeining handlar om ungdomar sitt liv i fylket og korleis offentlege tiltak sett i gang av Sogn og Fjordane fylkeskommune og andre offentlege etatar kan vere med å auke trivselen til gjere unge i fylket. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i mange år satsa systematisk på at fylket skal vere ein stad der ungdomar har lyst å bu og leve. Rapportane fortel om kva som er viktig for ungdomar og kva tiltak som er sett i gang for å skape eit 'trivselsfylke' for ungdom. Undersøkinga drøftar spørsmål om unge er med å påverke og utforme tiltak i programmet Ung i Sogn og Fjordane, både direkte og indirekte. Ikkje alle ungdomane vi møter kjenner til Ung i Sogn og Fjordane. Dei er likevel ekspertane på temaet. Ved å halde kva som er viktig for dei opp mot innhaldet i prosjekta får vi fram ei vurdering frå unge.

Tre delrapportar

Del 1 av evalueringa er ei vurdering av prosjekta gjennom ungdomar sitt eige blikk og deira ståstad. Vi nyttar data som fortel om korleis ungdomane sjølve vurderer tiltaka. Evalueringa undersøkjer om dei unge har vore med å påverke utforminga av prosjekta i Ung i Sogn og Fjordane. Ser vi ungdomane igjen i utforminga av programmet Ung i Sogn og Fjordane? Er dei aktive lokalt i dei einskilde prosjekta?

Del 2 er ein gjennomgang av Sogn og Fjordane fylkeskommune si satsing på Ung i Sogn og Fjordane og alle tiltaka som er initierte gjennom dette programmet. Rapporten er deskriptiv, og inneholder få analysar. Grunnlagsmateriale er henta frå søknad til departementet, rapportering frå fylkeskommunen, søknadar frå kommunane til programmet og delvis frå rapportering i einskildprosjekt. Målet er å gje eit bilde av heilskapen i Ung i Sogn og Fjordane, og så detaljert at andre kan følgje i spora til arbeidet.

Del 3 handlar om ungdom og livsmeining. Arbeidet er ikkje ein del av evalueringa, men ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget når vi vurderer om tiltaka er relevante for ungdomane. Undersøkinga er finansiert gjennom Ung i Sogn og Fjordane. Målet med arbeidet var å undersøkje om det er slik at stadig fleire ungdomar i fylket slit med å takle livet sitt. Vi nyttar data frå intervju med ulike yrkesgrupper som arbeider med ungdom, og gjennomfører ei spørjeundersøking der vi får informasjon om korleis eit representativt utval av ungdomar ser på livet sitt no og framtida. Det store fleirtalet unge lever eit liv dei er nøgde med, og med stor tru på framtida. Undersøkinga fortel mykje om forhold til foreldre, vener og lærarar, om livet dei lever her og no, tankar om framtida, sjølvstilling og sjølvrealisering og om viktige verdiar. Samstundes møter vi ei gruppe ungdomar som har problem med mange sider av livet sitt.

Ung i Sogn og Fjordane – som ungdomar i resten av landet og verda, like og ulike?

I alle delane av undersøkinga møter vi ungdomar som har mange fellestrekks og på same tid er ulike. Vi ser at det er stor forskjell på korleis jenter og gutter tenkjer og lever, men på same tid er dei ulike jentene og gutane forskjellige. Ei jente har andre behov enn ei anna jente, og sameleis med gutane. Kven ungdomane er, kva dei vil og har behov for heng saman med bakgrunn, røynsler og syn på framtida. Ungdomsmiljøa vert påverka av kva slags lokalsamfunn dei fungerer i, døme på dette kan vere storleik på staden og næringsgrunnlag.

Å utvikle tilbod for ulike grupper ungdom er nedfelt som ein del av fylkeskommunen si målsetjing for Ung i Sogn og Fjordane, som igjen er i tråd med nasjonale føringar. Breidde skal sikre at ein treffer ulike grupper ungdom sine behov. Unge sin medverknad i prosjekta sikrar at tiltaka er relevante.

For å kunne undersøkje om dei unge har medverka, må vi seie noko meir om kva vi legg i omgrepet. Omgrepet medverknad kan forståast på mange måtar.

Medverknad på overordna programnivå

Den eine delen av svaret på spørsmål vi stiller om medverknad i Ung i Sogn og Fjordane, er ei vurdering av om dei unge har vore aktive og viktige premissleverandørar i programgruppa for Ung i Sogn og Fjordane. Ungdomsrepresentantane i programstyret er valde frå ungdomspolitisk utval, og hadde sine medspelarar mellom anna i dette utvalet.

Ungdomspolitisk utval diskuterte, gjorde vedtak om kva som var viktigaste tiltaka i programmet og la planar for å få gjennomført dette. Ungdomsrepresentantane gjev klart uttrykk for at dei har opplevd ein sterk vilje i programstyret til å ta dei på alvor. Ungdomane har opplevd situasjonar der medlemmer i gruppa har vore ueinige med dei, men dei same medlemmene har gått inn for ungdomsrepresentantane sitt syn fordi dei unge sitt syn skulle vere avgjerande. Det har også vore fleire døme på delprosjekt som var i ferd med å bli avvikla, tiltak som var prioriterte av dei unge. Ungdomsrepresentantane i styret har formidla at dette er tilbod som er avgjerande for korleis unge i fylket trivast, og at ein måtte prioritere å få til dei konkrete prosjekta. Styringsgruppa har teke slike signal på alvor, og lagt innsats i å få til ei anna utvikling i delprosjekta. Tiltaka for betre transporttilbod er gode dømer på dette.

Medverknad i utforming av prosjekta på fylkesnivå

Dei unge sin medverknad i kvart delprosjekt på fylkesnivå har variert. Gruppene som skulle fungere på dette nivået, hadde få møte, og programgruppa oppsummerte at dette nivået ikkje hadde fungert etter intensjonane. Følgjeleg er det grunn til å tru at dei unge ikkje har vore like aktive i den meir handlingsretta utviklinga av kvart prosjekt. Nokre av tiltaka er fylkesdekkjande (døme: Fysisk aktivitet for barn og unge) og er utvikla på dette nivået. Andre har eit lokalt tyngepunkt der unge har vore svært aktive (døme Uformelle møteplassar). Dette betyr at på fylkesnivå har unge primært vore med å gje prioriteringar og føringar i programgruppa, medan dei ansvarlege har hatt ansvar for utforminga.

Medverknad i utforming av prosjekta på lokalt nivå

Vi finn ungdomane som aktive deltakarar igjen på lokalt nivå, men ikkje i like stor grad i alle prosjekt. I gjennomgangen av prosjektsøknadane ser vi at lokale prosjekt som handlar om uformelle møteplassar eller open skule, er mange av dei unge direkte involvert i utforminga. Dette er unge som er brukarar av tilbodet som vert etablert, like mykje som unge som fungerer som valde representantar. Ungdomane sjølv legg vekt på at dette er viktig, at dei får vere med å bestemme korleis dei uformelle møteplassane skal sjå ut og kva tilbod og aktivitetar dei skal innehalde.

Men i mange av dei lokale prosjekta dei unge ikkje like synlege. Først og fremst vil vi tru at dette heng saman med kva type prosjekt det gjeld. Det er til dømes ikkje like naturleg å involvere unge i konkret utforming av helsetenester, der arbeid med utforming av tilboda er kjenneteikna av spisskompetanse.

Er prosjekta i tråd med kva unge meiner er viktig for dei?

Då er vi over i den andre forma for medverknad i Ung i Sogn og Fjordane. Den eine måten er å vere aktive pådrivarar og premissleverandørar i programgruppa. Den andre handlar om kva ungdomsgruppene i fylket formidlar av kva som er viktig for dei, og korleis prosjekta i Ung i Sogn og Fjordane dekkjer behov ungdom formidlar.

Aktive ungdomspolitikarar

Sogn og Fjordane har eit ungdomspolitisk miljø som er aktivt. Organisasjonen er velutvikla med fylkesting for unge, ungdomspolitisk utval og ungdomens kommunestyre/ungdomsråd i alle kommunane. Sogn og Fjordane er første fylket i landet som har fått til dette. Kommunane har eit sterkt medvite om at ein må satse på ungdomen i fylket for å motvirke fråflytting og utarming av distriktet. Å ha aktive ungdomspolitikarar har sikra innspel til Styringsgruppa for Ung i Sogn og Fjordane. Fleire av dei aktive meiner dei har fått ei sterkare tilknyting til fylket og heimstaden ved å vere med å utvikle tiltak for ungdom.

Vi har tidlegare nemnt at ungdom i fylket er ulike, og gruppa med ungdom som er aktive politisk, vil skilje seg frå andre grupper. Det er derfor viktig å vurdere kor vidt deira syn og innspel er like viktige for andre grupper.

For å kunne drøfte dette må ein gje eit bilde av kva ungdom generelt meiner er viktig for dei. Vi nyttar intervju med ungdomar i tre kommunar til å drøfte dette. Desse ungdomane er ikkje involverte i utvikling av prosjekt i Ung i Sogn og Fjordane, men er i større eller mindre grad brukarar av tiltaka som er utvikla. Del 3 av rapporteringa, Ungdom og Livsmeining, går meir i djupna på nokre av desse spørsmåla.

Kjenner dei unge til Ung i Sogn og Fjordane?

Ungdom generelt ser i lita grad ut til å kjenne til programmet Ung i Sogn og Fjordane. Dei kjenner heller ikkje til dei einskilde prosjekta. Når vi samtalar vidare om kvardagen deira, tek det ikkje lang tid for dei tek fram lokale prosjekt som har finansiering frå programmet. Dei fleste har vore brukarar av eitt eller fleire av tiltaka, ofte utan å vite at dette er ein del av Ung i Sogn og Fjordane. Betre transporttilbod og dei ulike velferdstiltaka på skulane er døme på dette. 'Alle' unge i fylket kjenner til Heim for ein femti-lapp og Ungdomskortet, og mange er brukarar. Dei unge er samstemmige i at dette er svært viktig for dei. Når dei skal seie noko om kvifor dette er så viktig for trivselen, er det sjølvsagt for at det gjer det mogeleg økonomisk å kome seg heim så ofte dei vil, og ha eit transporttilbod som gjer at dei kan delta på aktivitetar, og kome seg heim på ein trygg måte. Grunngjevinga er altså praktisk – knytt til økonomi og trafikktryggleik, men den er også sosial. Den gjev dei ei kjensle av fridom, og dette seier dei er viktig for trivselen.

Breidde og heilskap i prosjekta i Ung i Sogn og Fjordane

Dette leier over i neste punktet i evalueringa. Ung i Sogn og Fjordane er kjenneteikna av ei stor breidde, både i overordna tema og i konkret innhald i tiltaka, og i kven som arbeider med prosjekta. Nasjonale føringar for satsing på barn og unge understrekar dette. Offentleg politikk for barn og unge skal på alle nivå reflektere eit heilskapssyn. Det vert understreka at ein kan ikkje dele livet til barn og unge inn i administrative sektorar eller ansvarsområde (St.m.39 (2001-2002)).

Dette er ikkje vanskeleg å sjå når du snakkar med unge om kva som er viktig for dei. Unge snakkar om alle livsområda sine og ser sjølve samanhengane. Tankegangen deira er prega av her og no orientering. Dei knyter transport saman med kjensle av fridom. Når elevar på enkelte linjer på vidaregåande seier at ulike faglege aktivitetar (estetiske fag) betyr mykje for korleis dei kan vere seg sjølve, er det ein måte å relatere innhald og arbeidsmåtar i einskildfag på skulen til det å skape sin eigen identitet og utvikle sjølvstilling. Dette er døme på korleis trivsel heng saman med mange sider i livet til unge, og at ein kan ikkje isolere einskildtiltak.

Samsvar mellom unge sine behov og prosjekta

Tematisk er det ein heilskap i satsinga Ung i Sogn og Fjordane. Tiltaka dekkjer dei fleste områda i livet til dei unge, men ikkje alle sidene er like godt dekka og utvikla. Skule er eit slikt område. Dei unge er opptekne av kvalitet i skulekvardagen, og viser på mange måtar at ein god skule er avgjerande for trivsel. Gjennom tiltaka har ein gjort ein innsats på det sosiale området, men i mindre grad på det pedagogisk og didaktiske.

Dei fleste av tiltaka som når innanfor veggene til skulane, er knytt til utvikling av samhandling mellom skule og arbeidsliv. Dette er viktige tema. Ungdomane er mellom anna særskilt opptekne av å betre kvaliteten på rådgjevingstenestene, men dei er like opptekne av kvaliteten på skulen i forhold til fagleg innhald og arbeidsformer, utan at dette er speglar i prosjektsamansetninga. Samstundes er det nettopp heilskapen og breidda i satsinga til fylkeskommunen som gjer at ein indirekte når ungdomane heilt inn i klasserommet. Tiltak som Open skule og Styrking av skulehelsetenesta i vidaregåande skule kan påverke direkte korleis dei unge arbeider i skulen. Velferdstenestene representerer ei avlastning i dei praktiske problema dei unge har, men like viktig er det at dei er eit bindeledd mellom fritida og arbeidskvardagen til dei unge.

Heilskap sikra gjennom breitt samarbeid på alle nivå

I Ung i Sogn og Fjordane møtest ulike aktørar med ansvar og interesser på alle arbeidsområda. I desse møta skal dei utvikle noko saman, både på fylkesnivå og på lokalt nivå i kvar kommune, skule og organisasjon. I møte med fleire må dei i større grad sjå heilskap i livet til dei unge, og vurdere samspelet mellom eigne tiltak og dei andre sine. Det vert mogeleg å sjå korleis eigne planar for aktivitet på eit avgrensa område påverkar andre sider ved livet til dei unge.

Samordna innsats mellom fleire organisasjoner og mange einskildpersonar på fleire område, gjev vonleg større effekt. Sjølv om Sogn og Fjordane er eit lite fylke med oversiktlege

småsamfunn, kjenner ein ikkje godt nok til kvarandre sitt arbeid på tvers av sektorar og institusjonar. Den breie satsinga har ført til at aktørane i langt større grad har fått vite om kvarandre. Dette er tydeleg på fylkesnivå, men vi ser tilsvarende trekk i lokalsamfunna. Alle diskusjonane, frå møta i programgruppa på fylkesnivå til arbeidsmøta mellom den lokale 4H-klubben og rektoren på vidaregåande skule, fører til at ein veit meir om kvarandre sine aktivitetar. Slike diskusjonar er nødvendige for gode analyser av desse spørsmåla: kva skal til for at ungdom skal trivast? Kva kjenneteiknar ulike grupper ungdom, og kva behov er felles og ulike? Kva er viktigast for oss?

Mangfald i lokalsamfunna og utvikling av identitet

Ungdomane peikar på at lokalsamfunna i fylket i varierande grad er opne for at dei kan vere seg sjølv. Skulen er døme på ein arena i lokalsamfunnet som kan vere med å gje dei ein tryggleik gjennom faglege aktivitetar der dei kjenner at dei lærer noko som er viktig og spennande. Skule og fritid i samspel kan og vere med å vise eit mangfald i interesser og tenkjemåtar både blant unge og vaksne. Eit slikt mangfald ønskjer ungdomar seg.

Unge tenkjer ofte 'vi og 'dei andre'. Utvikling av identitet er utvikling av tryggleik og trivsel. Dette er ein samansett prosess og ein spennande del av det å vere ung. Jamaldringar er viktige, dei vaksne rundt ungdomane er viktige. Konkrete diskusjonar om kven eg og venene mine er, er med å skape større medvit om kva som skal til for å utvikle seg og trivast. Desse kan gje vaksne ei innsikt dei treng for å vere med å utvikle gode tiltak for ungdom.

Kort samandrag delrapport 1

Del 1 omhandlar korleis unge har medverka i utforming og gjennomføring av tiltak for å gjere fylket til ein betre plass å bu for ungdom.

Grunnlaget for rapporten kvalitative data der ungdomane og deira liv står i fokus for evalueringa. Utsegnene frå ungdommane skal vise prosjekta i forhold til medverknad – ungdomar si eiga vurdering av korleis det er å vere ungdom i desse bygdene og byane, og korleis prosjekta ser ut med ungdomsbriller. Dette er viktig for å kunne svare på spørsmåla vi stiller. Har unge vore med å påverka utforminga av prosjekta i Ung i Sogn og Fjordane? Ser vi ungdomane igjen både på programnivå og lokalt i dei einskilde prosjekta?

Kartlegginga fokuserer ikkje på resultat i tradisjonell forstand, men ser på ungdomane sin medverknad på ulike måtar. Vi møter ungdomar som har vore direkte involvert i utvikling av tiltak i Ung i Sogn og Fjordane. Dette er ungdomar som er aktive og styrande, og som har stor gjennomslagskraft i forhold til tiltak for unge. Andre ungdomar i undersøkinga er ikkje involvert. Det desse fortel om gjer at vi kan sjå samsvar mellom sider ved livet som er viktig for dei og tiltaka. Den store breidda tematisk er ein viktig grunn til dette.

I alle prosjekta er unge representert, men det er forskjell på kva måte dei deltek. Tiltak som skal utvikle uformelle møteplassar har stor deltaking av unge på alle nivå. Betre helsetenester er døme på tiltak der unge i mindre grad er direkte knytt, men der medverknad har form av at unge formidlar at det er viktige tiltak som må prioriterast. Mange unge i Sogn og Fjordane har engasjement og vilje til å delta, men ikkje i det etablerte politiske systemet. Det er ikke særmerkt for fylket, men eit utviklingstrekk som forsking i Norden stadfestar.

Unge vil arbeide med einskildsaker som er viktig for dei. Skulemiljøet er viktig, og dei påverkar det både gjennom haldninga og veremåte. Dei har forventning om å kunne påverke sin eigne skulekvardag, dei vil vere med å stille krav om kvalitet. Dette gjeld og dei som berre er passeleg interessert i skule. Ungdomar kan vere heilt uinteressert i politikk, men levande interessert i korleis skulekvardagen skal sjå ut. Skulen har ei viktig rolle i demokratiet, og skal førebu unge menneske på deltaking i demokratiet.

Innsatsen i Ung og Fjordane representerer eit løft for å få ungdom i posisjon i det representative systemet. Sogn og Fjordane er det første fylket i landet som har ungdommens kommunestyre/ungdomsråd i alle kommunane. Fylkestinget for ungdom har fått gjennomslag for saker dei har meint burde satsast på i Ung i Sogn og Fjordane.

Unge i fylke fortel at dei trivst, har det godt og vil gjerne flytte tilbake til fylket seinare i livet. Dei som har vore aktive i utforming av tiltak meiner det er samanheng med innsatsen og at dei kjenner seg meir knytt til fylket i etterkant.

Medverknad kan vere ein framtidvisjon om at alle samfunnsaktørar prøver å realisere oppvekstvilkår som gjer at barn og unge får ein reell mulighet til å utvikle seg som deltakande medlemmer i skule og arbeid.

1. Bakgrunn og ramme for kartlegginga

Målet har vore å levere noko meir enn ein rapport om offentleg ungdomspolitikk, både statleg og ned til same politikken på grendelagsnivå. Vi ville at ungdomane skulle vere tydelege og levande. I delrapport 1 nyttar vi mange sitat frå dei unge sjølve når vi drøftar spørsmål om medverknad og samsvar mellom unge sine behov og tiltak som er sett i gang.

Evalueringa skal ha som overordna og gjennomgående tema "ungdom og medverknad". Dette er relatert til ei overordna målsetjing for satsinga: å involvere dei unge på alle nivå i arbeidet. Prosjekta skal analyserast i dette perspektivet, både kva ungdomane sjølve tenkjer og gjere i forhold til utviklinga, men også om korleis ungdomsmedverknad påverkar dei andre aktørane som er involverte.

Ung i Sogn og Fjordane er ei omfattande satsing på ungdom, og denne satsinga skal gjennom evalueringa følgjast underveis. Fylkeskommunen ønskjer gjennom Ung i Sogn og Fjordane å "legge til rette for auka livskvalitet og buglede i fylket, og å redusere langsiktig fråflytting". Når evalueringa rettast mot ungdom sin medverknad, er det med bakgrunn i tankar om at planlegging og tiltak må springe ut av ungdommane sine eigne behov og deira eiga forståing av kva som er viktig i livet deira.

Unge drøftar om Ung i Sogn og Fjordane dekker ulike grupper ungdomar sine behov i intervju. Vi nyttar vi også materiale frå prosjektet Ungdom og Livsmeining (delrapport 3), som byggjer på både kvalitative og kvantitative data. Vi gjennomførte også intervju med representantar frå ulike yrkesgrupper som arbeider med ungdom. Intervju med desse hadde fokus på tema som handla om ungdom i Sogn og Fjordane og om dei ser mange unge som strevar med livet sitt, og eventuelle problem dei unge har. Men i dei same intervjua får vi generell informasjon om ungdomsmiljø i fylket, og dette nyttar vi i denne rapporten. I ei spørjeskjemaundersøking svarer unge i fylket på spørsmål om kva som er viktig for dei for trivsel, forhold til vener og vaksne, engasjement osb. Noko av dette er brukt i delrapport 1.

Problemstillingar

Evalueringa skal først og fremst gje systematiske svar på korleis ungdommen sjølve ser på tiltaka. Den overordna problemstillinga for evalueringa er om aktivitetane er eigna til å skape betre livskvalitet for unge i fylket.

Denne hovudproblemstillinga femnar ei rekke delspørsmål:
Kva kjenneteiknar dei ulike prosjekta som inngår i Ung i Sogn og Fjordane? Kva er aktivitetane? Kven er involverte? Delrapport 2 gjer greie for ulike kjenneteikn både ved programmet og dei einskilde prosjekta.

Kva for grupper av unge når dei ulike prosjekta? Korleis har ungdommane sjølve medverka til utvikling av aktivitetane i programmet? Delrapport 1 tek opp desse spørsmåla, og drøftar dei med utgangspunkt i utsegn frå ungdomar som er intervjua og i lys av aktuell teori.

Korleis ser dei som initierer dei ulike prosjekta på programmet? Kva mål har dei med aktivitetane sine? Korleis vurdere dei interessa ungdommane har i dei ulike prosjekta? Korleis

påverkar organiseringa desse problemstillingane? Er det samanfall mellom dei som har starta opp og driv prosjekta sine målsetjingar, og kva ungdom sjølve tenkjer om aktivitetane i prosjekta? Målsetjingane for programmet og dei einskilde prosjekta er skildra i prosjektgjennomgangen, delrapport 2. I delrapport drøfter vi dette på eit meir generelt nivå, og gjennom ei gruppe ungdomar si oppleving av eigen kvardag og tiltak for ungdom.

Hovudproblemstillinga og delspørsmåla i prosjektskissa legg altså føringar på kva som er det primære med evalueringa. Fokus skal ikkje vere på kvantifiserbare mål og måloppnåing, men utvikling av kunnskap om ungdom og om å arbeide med tiltak for dei ulike målgruppene.

Kvart problemområde analyserast i forhold til perspektivet: ungdom og medverknad. Ungdom og medverknad i forståinga:

- kva tenkjer ungdommen (om behov og kva som er viktig i livet deira)
- kva gjere dei i forhold til utvikling av tiltaka
- korleis påverkar ungdomsmedverknaden dei som konkretiserer og gjennomfører prosjekta

Metode

I Skandinavia er det utvikla ein eigen evalueringstradisjon. Det som kjenneteiknar grunnlaget for denne tradisjonen, er ønske om å nytte evaluatingsaktivitetar til å utvikle forståing og refleksjon, meir enn å måle resultat. For å gå i den retninga må ein arbeide for å utvikle teori og skape prosessar der læring er viktigaste.

Evalueringa har hatt ei innretting der aktørperspektiv har vore viktig. Det har vore eit mål å kome tett på nokre av aktørane, eit utval av ungdomar. I val av intervjuemateriale er det ikkje det *typiske*, men det *tydelege* ein har leita etter (Annfelt 2000).

Studiar av evaluering av statlege reformer viser likevel at det viktigaste som kjem ut av evalueringane er utvikling av ny innsikt og kunnskap. I drøftingane i programgruppa har dette punktet vore sentralt, ønsket ar at evalueringa skal legge til rette for læring og nye måtar å forstå aktivitetar og ungdom i fylket, og då er ein samstundes innforstått med at ein tonar ned resultatmåling. Utval både på ungdom, kommunar og prosjekt.

I målet med å forstå, og å kome tett på nokre ungdommar, nyttar vi utsegner og forteljingar til dei unge. Det er historiane til informantane fortalt av dei sjølve som skal gje ny forståing.

Kvalitativ metode vert ikkje avgrensa til å vere avgjort etter kva type data ein nyttar (t.d. "ikkje-tal"). Metode vedrører ikkje berre den praktiske bruken av konkrete datamateriale, men snarare heile den tankemessige logikken som styrer ein forskingsprosess (Berger 1981 etter Dahler-Larsen 1996). Ein sentral eigenskap ved ein kvalitativ forskingsprosess, er at undersøkinga sine hovudkategoriar ikkje er fullstendig fastlagt på førehand. Dei vert utvikla i eit gjensidig samspel med data i løpet av prosessen. Ein grunn til dette kan vere at ein veit for lite om feltet i utgangspunktet. Men ei meir filosofisk grunngjeving kan vere at aktørane som undersøkinga omfattar, ikkje berre uttrykkjer mening om og haldningar til omverda, men at dei via språk og andre kulturelle uttrykksformer konstruerer den verda som dei lever i.

Det er spesielt to spesifikke datainnsamlingsteknikkar som vert nytta mykje: det opne intervjuet og fokusgruppa. Gjennom dialogen i intervjuet kan intervjua gjere seg håp om å finne ei forståing av aktøren sitt erfaringsbaserte perspektiv på eit fokusert emne.

Fokusgruppa er ei temastyrt gruppесamtale, som og er basert på dialog. Her er dialogen mellom dei forskjellige deltakarane i staden for dialogen med intervjua. Ideelt kan denne intervjuasjonen fjerne hemningar, aktivere gløymte detaljar og fremme deltakarane sine eksplisitte formuleringar av gjensidige likskap og det som er forskjellig i oppleving av det som vert evaluert. Samtala skal gå frå ei brei innringning av brukarane si orientering mot emnet, til snever fokus på eit bestemt aspekt. Ein gruppediskusjon gjev ikkje berre revisjon av enkeltpørsmål, men kan og vere med å få fram nye begrep og hypoteser (Dahler-Larsen 1996).

Evaluering av Ung i Sogn og Fjordane skal ikkje vere forsking på samfunnsendring generelt og forsking på lokalsamfunna og kulturen ungdommane lever i. Men for å forstå kvifor ungdommane prioriterer og handlar som dei gjere i Ung i Sogn og Fjordane, må vi ha ein teoretisk analysemodell. Sentralt her er sosialiseringsteori, ungdomskultur og ungdom og livsmeining.

Inn under dette ligg beskriving av trekk ved kulturen til ulike grupper ungdom i Sogn og Fjordane: kven er dei, kva er viktig for dei. Sosialiseringsteori vil handle om samspel skule – arbeid - heim – fritid, korleis endrar ungdommen seg og tankane deira om kva som er viktig, teori om korleis ungdommen lever i eit moderne Sogn og Fjordane. Kva er 'å legg til rette for auka buglede og auka livskvalitet' i eit teoretisk perspektiv, og er det rimeleg å sjå kvart einskild prosjekt som ei operasjonalisering av dette?

Undersøkinga skal nytte kvalitativ metode, i hovudsak intervju med ungdommar og prosjektmedarbeidarar. Intervjua med ungdommane vert gjennomført vekselvis som gruppe- og individuelle intervju. Mange av ungdomane har ikkje direkte tilknyting til prosjekt i Ung i Sogn og Fjordane, men er brukarar av prosjekt eller kjenner til prosjekta.

Utval

Evalueringa gjer eit utval på kommunar. Rammene tilseier og ei avgrensing i høve tal på informantar og kommunar. Prosjekta i desse kommunane representerer ei breidde, og dei gjev såleis eit bilde av omfattande tematikk og aktivitet som vi finn i Ung i Sogn og Fjordane.

Når vi har gjort eit val på kommunar er ikkje dette kommunar som er meir eller mindre representative enn andre kommunar. Det er kommunar der det har vore aktivitet på mange områder – det fungerte som ein måte å avgrense datamaterialet samstundes som vi ville kunne sjå den heilskaplege tenkinga i programmet, og samspelet mellom dei ulike prosjekta. Prosjekta er presentert i delrapport 2.

Det vi har gjort gjennom utvalet på informantar, kommunar og prosjekt er å kunne formidle eit sterkt inntrykk av kva unge i desse kommunane oppfattar som viktige sider ved prosjekta – korleis tiltaka rører ved deira liv. Utvalet av ungdomane er representerer i hovudsak to grupper: ungdom som har vore aktiv politisk i Ung i Sogn og Fjordane, både på fylkesnivå og på kommunalt nivå. Den andre gruppa har ikkje vore aktive i Ung i Sogn og Fjordane, og har større avstand til prosjekta. I denne gruppa har nokre vore aktiv på skulen i elevråd og

liknande, dei fleste er ikkje det, men er opptekne av sin eigen situasjon og korleis kvardagen deira ser ut.

Ungdomar i tre kommunar; Gloppen, Sogndal og Luster

Gjennom intervju med ulike ungdomar i dei tre kommunane ser vi på kvardagen i livet til ungdomane i desse tre bygdene. Tiltak i Ung i Sogn og Fjordane spelar inn i livet til dei unge, sjølv om dei ikkje alltid er klar over det sjølve. Det er viktig å anonymisere informantane, slik at vi ikkje kan vise kven av dei som er plassert i Gloppen, Luster eller Sogndal. Vi har gjeve informantane fiktive namn, og presenterer dei nedanfor.¹

Informantane kan grupperast etter eit skilje: Dei har vore aktive i elevpolitikk eller i Ung i Sogn og Fjordane og dei som ikkje er involverte i prosjekta. Ungdomane som ikkje har vore involvert, er også svært forskjellige; mellom anna ved at dei går på allmennfagleg og yrkesfagleg, om dei er gut eller jente, om dei er med i organiserte aktivitetar eller ikkje.

Vi møter to jenter, Stine og Anne, som går i same klasse, allmennfagleg på vidaregåande skule. Det er to jenter som trivst svært godt, og som er levande opptekne av det dei driv på med på skulen. Dei har sterke meininger om kva som er kvalitet, både på skule, fag og det sosiale. Dei beskriv eit sterkt veninneforhold mellom kvarandre – ”erteris”. Dei bur på hybel, og reiser ofte heim i helgane. Mange av sitata er henta frå intervjuet med desse to jentene, mellom anna fordi dei gjev eit levande bilde av to sterke veninner. Bilde gjev og eit heilskapleg inntrykk av livet deira, både i arbeid og fritid.

Kristine er ei jente på vidaregåande skule, allmennfagleg. Ho er ei svært aktiv jente som har vore med i elevråd og i utforming i eit av prosjekta i Ung i Sogn og Fjordane. Ho er snart ferdig på vidaregåande skule. Kristine er synleg i nærmiljøet, og er uredd i meininger og diskusjonar. Ho er ei jente med ressursar.

Sigrid har vore aktiv i forhold til utforming av ein skulekvardag. Ho er oppteken av korleis skulen skal bli betre, og arbeidd for å få til endringar på den vidaregåande skulen ho går på. Engasjementet for skulen ser også ut til å vere eit ’samfunnsansvar’, som representant vil ha ta ansvar for heilsaplen i skulen, ikkje berre påverke for at eiga læring skal bli betre.

Camilla er nettopp ferdig med vidaregåande skule på allmennfagleg linje, og som nyleg har flytta ut av fylket. Ho har vore aktiv i bygda, både i Ungdomsrådet og i elevråd. Ho har hatt ein fin oppvekst i fylket, men tykkjer det er godt å bu i ein annan del av landet. Sogn og Fjordane kan vere aktuelt å busetje seg i seinare i livet, gjerne når ho skal etablere seg.

Linn og Anette går på vidaregåande skule på yrkesfagleg studieretning. Dei vert rekna for typisk flinke jenter, ivrige og seriøse på skulen. Den eine av dei er aktiv i lokalpolitikken, men

¹ Namna har vi henta frå Statistisk Sentralbyrå sin namnesstatistikk, og er dei mest dei mest nytta namna i Norge på ungdom fødde i 1984, 1985 og 1986 – altså ungdommar som var 15-17 år i 2001. Dette er ikkje ein måte indirekte og seie at mine ungdommar representerer heile ungdomsgruppa. Intervju med meininger og opplevingane deira står for seg sjølv, Silje, Kristine og Ida representerer seg sjølve. Likevel fortel utsegnene deira om noko meir. Det er samspelet mellom utsegnene, forteljingane og anna empirisk materiale og tidlegare forsking og teori som er sentralt.

er ikkje på same måten som Kristine synleg i lokalmiljøet. Dei er svært opptekne av innhaldet og arbeidsformene på skulen dei går på, men mest for at det skal bli ein betre skuledag for dei sjølve.

Thomas og Kristian er to gutar som går på yrkesfagleg studieretning, og er berre så passeleg interessert i skulen. Dei har likevel ei sterk interesse for faget og yrket dei har valt. Dei vil gjerne vere litt på sida, men er likevel godt innanfor grensene i forhold til det å droppe ut. Dei er ikkje med i organiserte aktivitetar på fritida. Desse gutane er i slekt med gutar det er forska på i Sverige, og vert der kalla ”herskarar av kaos og orden”. Dei er periodevis marginale på skulen, men likevel har dei sterk påverknadskraft i skulekvarden. Dei legg føringar på miljøet på skulen og i klassemiljøet, og dei påverkar kva som skjer av faglege aktivitetar i klasserommet.

Ida og Katrine går også på yrkesfagleg, og vert oppfatta som dominante i klassemiljøet, og er i opposisjon delvis til skulen og delvis til dei andre i klassa som er ”skuleflinke”. På same måten som Thomas og Kristian er vert dei ofte sett på som problemelevar. Dei er tøffe i tonen, og er trendsetjarar i klassa og i miljøet. Men sjølv om dei signaliserer at dei berre er så måteleg interessert i skulen, har dei klare meininger om innhald og arbeidsmåtar. Dei forventar at dei skal vere med å bestemme over sin eigen kvardag.

Vi møter to av dei mest sentrale ungdomsrepresentantane i programstyret, gutar, begge studentar, og har vore sentrale i mange prosjekt i Ung i Sogn og Fjordane. Desse har vore med i utviklinga av Ung i Sogn og Fjordane over fleire år. Intervjuet med desse to gjev data som skil seg frå dei andre. Det at dei har vore så aktive over ei så lang periode gjer at dei har kunnskap på detaljnivå om prosjekta. Dei har mange tankar om kvifor det er så viktig med medverknad frå dei unge si side, kva som er problematisk med å få det til å fungerer, og kva som skal til for at unge skal vere aktive i å påverke eigen kvardag gjennom Ung i Sogn og Fjordane.

I tillegg har vi tidleg i prosjektet hatt to intervju med tre jenter i 8. og 9. klasse, men desse intervjuer er ikkje nytta direkte i evalueringa, men som førebuing til intervjuguidar i intervjuet som er nytta meir direkte.

Av materiale ut over dette er det nytta data frå intervju med vaksne som arbeider med ungdom.

Avgrensing

Evalueringa balanserer mellom kva som er mogeleg innan dei ressursmessige rammene for prosjektet og kompleksiteten i oppdraget. Vi har prioritert å finne og speile ungdommane i kvarden deira. Rapporten går i djupna på materiale i større grad enn du finn i ei tradisjonell prosjektevaluering med drøfting av målsetting, aktivitet, organisering og resultat gjennom kvantitative målingar.

Målet er å finne dei gode beskrivingane av prosjekta i perspektiv *medverknad*. Eit alternativ kunne vere å lage ei måling av kor mange ungdommar her delteke direkte i prosjektet i Ung i Sogn og Fjordane, eller ein systematisk gjennomgang av saker som Fylkesting for ungdom og ungdomsråda har prioritert og jobba med. Rapporten er inn om slike spørsmål, men ikkje på ein systematisk måte i kvalitativ forstand. Systematikken her handlar om å finne

formuleringar frå unge som på ein god måte karakteriserer trekk ved ungdomsmiljøet og prioriteringar dei unge har. Vi studerer få miljø, og prioriterer heilskap og prøver å få fram konkrete nyansar. I ei kvalitativ studie prøver ein å få fram nokre få trekk og eller eigenskapar i det ein studerer (Repstad 1998).

Vi har gått inn i tre kommunar, Luster, Sogndal og Gloppen kommune for å finne informantar. Kvifor desse? I desse kommunane finn ein mange av prosjekta Ung i Sogn og Fjordane. I tillegg representerer desse tre kommunane typiske kommunar i fylket, men forskjellige på sitt vis. Dei typiske bykommunane som Florø og Førde er ikkje representerte. Vi har mått avgrense tal på kommunar og informantar, og kan ikkje seie noko om representativitet i materialet. Det har heller ikkje vore eit mål korkje for oss i denne konkrete kartlegginga, eller meir generelt i ei kvalitativ undersøking.

2. Unge i Sogn og Fjordane – som ungdomar i resten av landet og verda, like og ulike

Dei unge i fylket vårt er like forskjellige som i andre delar av landet. Dei har fellestrekks og dei har tankar og handlingsmønster som skil dei frå kvarandre. Vi finn gode skildringar av kva som er felles i litteratur. I det følgjande tek vi fram nokre trekk som er typiske for ungdomane vi møter.

Fleire av informantane våre reagerer på det negative bildet av unge som mediekvarden har skapt. Dei kjenner ikkje igjen seg sjølve eller det miljøet dei lever i. Dei unge ser på heimstaden som ein trygg og god plass å vekse opp, dei vil ut, men det er slett ikkje umogeleg at dei vil flytte heim.

Framtida i Sogn og Fjordane

Sitatet nedanfor synleggjer eit positivt bilde av å by i fylket. På spørsmål om kva dei likar med å hu her, legg Anne og Stine vekt på det trygge.

Anne: Det er jo veldig fint her

Stine: Trygt å vokse opp.

Anne: Vi har ikkje vært utsett for noko.

Stine: Nei, det er veldig trygge omgivelsar.

Anne: Eg hadde ikkje hatt noko mot om ungane mine voks opp her.

Stine: Nei ikkje eg heller

Anne: Tvert i mot

I møte med unge i fylket er dette eit melding ein høyrer ofte. Dei trivst, dei har det trygt og godt, dei vil flytte, men vil gjerne tilbake etter ei tid. Dei vil at deira eigne barn skal oppleve same barndomen som dei har gjort.

Ein av ungdomsrepresentantane i styringsgruppa for Ung i Sogn og Fjordane ser på prosjekta og arbeidet med Ung i Sogn og Fjordane som svært vellykka: "*Det er kjekt å tenkje på at eg har vore del av arbeidet. Jobben har vore utruleg fantastisk spennande!*" Han meiner at dei unge har hatt stor gjennomslagskraft i styringsgruppa, og har mange dømer på dette. Noko av det som har gjort satsinga så vellukka, er at dei unge har blitt tekne på alvor og gjevne utfordringar. Han trur at aktiviteten hans har gjort han meir knytt til fylket enn før.

Medverknaden til unge ”må vere sånn”, fram til no har det vore 50 år gamle menn som har hatt monopol på å delta og styre utviklinga hevdar ein av ungdomsrepresentantane. Han ser det som er utvikla på område medverknad som mest vellykka.

3. Medverknad

Befring presenterer omgrepet ”fellesforstått ansvar”, ein framtidvisjon om at alle samfunnsaktørar prøver å realisere oppvekstvilkår som gjere at barn og unge får reell mulighet til å utvikle seg som deltagande medlemmer i arbeid og skule (Befring 2001:67).

Nøkkelen til evalueringa ligg her. Ung i Sogn og Fjordane har som grunnleggande målsetjing at unge skal vere aktive og styrande i utviklinga. Evalueringa skal drøfte om vi på ulike måtar finn ungdomane igjen i prosjekta.²

Å måle dette gjennom å telje kor mange ungdomar som er representerte i ansvarlege utval for prosjekta i kommunane, gjev ikkje svar på kor vidt prosjekta verkeleg er i tråd med det dei unge i fylket meiner er viktig for dei. Ungdomane sin representasjon i alle nivåa av Ung i Sogn og Fjordane er likevel ein grunnstein. Ungdomane som har vore aktive meiner at dette har vore avgjerande for at satsinga har vore så vellykka.

Vi finn ungdommane i alle prosjekta, og i nokre prosjekt, kanskje spesielt i Uformelle møteplassar, er dei tydelegare enn i andre. Dei er ikkje så synlege i utforminga av til dømes prosjektet Helsestasjon for ungdom, men dei melder med tyngde at dette er eit svært viktig tiltak for dei. Forskjellen mellom desse to arbeidsområda viser at det er ikkje sikkert at ungdomsmedverknaden skal fungere på same måten i alle prosjekta, i nokre prosjekt er ein heilt avhengig av at dei er med direkte i utforming av tiltaka. Ungdomane nemner Uformelle møteplassar som slike prosjekt. I utvikling av andre prosjekt er unge si viktigaste rolle å formidle at dette er eit viktig tiltak for dei, og at kvaliteten på ungdomstida vil betre gjennom utvikling av dei konkrete tiltaka. Dei unge har og ein viktig funksjon i å fortelje kvifor dette er viktig. Slike grunngjevingar kan vere med å gje retning på konkret utforming av tiltaka.

Det er heller ikkje mogeleg å svare ved å sjå på kva saker Fylkesting for ungdom eller ungdomsrepresentantane i programgruppa prioriterte. Vi ser at desse ungdomsrepresentantane la breisida til for å få fortgang i prosjekta som handla om transport for dei unge i fylket, og at dette sannsynlegvis var avgjerande for å oppnå det vi ser i dag av færre alvorlege ulykker i fylket der ungdomar er involverte. Heim for ein femti-lapp og Ungdomskortet er tiltak som ’alle’ unge kjenner til, og som informantane våre seier er avgjerande for auka trivsel.

Vi ser og at alle kommunane i fylket har oppretta ungdomens kommunestyre/ungdomsråd, det er Sogn og Fjordane det første fylket i landet som har fått gjennomført. Aktiviteten går naturleg nok opp og ned, men mange av kommunane prioriterer ungdomsrådsmøta, mellom anna ved at ordførar alltid er til stades. Dei prøver å gje råda støtta dei treng, og for ungdomane ser det ut som dei tek dei på alvor politisk.

Alt dette fortel om ein prosess med inkludering av ungdom i politiske prosesser som liknar ein stille revolusjon? Men likevel er ikkje dette nok til å gje svar på om ungdommane kjenner at det verkeleg er mogeleg for dei å påverke sin eigen kvardag.

² Prosjekta er presenterte i delrapport 2.

Ein av ungdomsrepresentantane understrekar at det er nødvendig å få gjennomført konkrete tiltak, tiltak som dei sjølve har vore med å initiert:

Det er ikkje nok å føle, ein må vite at ein har gjennomslagskraft.

For å drøfte spørsmålet må vi nærmere tankane til ungdom om kva som er viktig for dei, og om vi tematisk ser dette spegla i arbeidsområda og prosjekta i Ung i Sogn og Fjordane.

Har unge makt?

Engelstad og Ødegård (2003) spør om ungdom har makt. 60-åringen vil svare at ungdommen dominerer det offentlege rommet. Ungdomane vil svare at vi leve i eit samfunn styrt av oldisar, der unge knapt vert høyrt. Nøkkelen til å forstå kor vidt dei unge har makt eller innflyting, er å vere presis i kvar medinnflytinga skal gå føre seg. I skulen, i politikk, i organisasjonslivet, i heimen eller i kommunikasjonsteknologi og kultur – i alle desse områda og nivåa vil medinnflyting eller makt sjå ulik ut.

Dei fleste av oss undervurderer verknaden av eigne posisjonar og handlingar. I følgje Engelstad vil dei fleste av oss seie at vi har lita eller inga makt, sjølv i situasjonar der dei faktisk har ei klar påverknad. Dette gjeld også ungdom. Vi ser oss sjølve som enkelpersonar, ikkje som gruppemedlemer. Motparten ser vi som representant for eller medlem av ei gruppe eller institusjon. Ei viktig form for makt blir skapt gjennom sumvirkningar. Når mange handlar likearta skapar det store verknadar. Døme på dette er kjøpekrafta ulike grupper har.

For å oppfatte seg som ei gruppe treng ein bekrefting på samhald, ikkje minst i grupper der identiteten kan opplevast som utsett. Utsjåande og ritualar skil dei som er inne og ute av gruppa, og forskjellane vert brukt til å markere grensar for omverda, og til å halde eigne medlemmer ”på plass”.

Ungdomane har lita makt gjennom at dei har liten kontroll over strategiske ressursar i samfunnet. Avmakta kan og forklarast av at dei er i ei overgangsperiode med skiftande interesser og lita langsiktig tenking. Dersom eit krav vert innfridd, er ofte dei som utvikla tanken om behovet og kravet flytta, men nokre andre får nyte godt av resultatet. ”De fikk det som de ville, med det var ikke dem som fikk glede av det” (Engelstad 2003:16).

Ulike arenaer der ungdom kan ha makt

Vestby m.fl. (2003) viser at skulestyresmaktene ikkje møter forventninga til medinnflyting frå elevar på same måte som til dømes den delen av det offentlege som arbeider med ungdomsorganisasjonar.

Offentlege styresmakter har ansvar for rammebetingelsane til ungdommane sin aktivitet. Engelstad (2003) peikar på at det offentlege ikkje er konsistent i valet mellom pubertet- eller kohortperspektivet. Dei delane av makta som støttar ungdomsorganisasjonar legg størst vekt på å sjå dei unge som ei ressursgruppe, medan dei som styrer skulesektoren ikkje forventar medverknad frå dei unge på same måte.

I undersøkinga om Ungdom og Livsmeining melder ungdomane frå om engasjement og vilje til å delta. Den store ungdomsgruppa har ikkje ønskjer om deltaking i det etablerte politiske systemet. Men dei har sterke meininger, dei har tru på framtida og seg sjølve og dei meiner dei kunne teke større ansvar enn dei får frå heim og skule. Dei ser seg sjølve som kompetente, og dei utgjer ein stor ressurs med innstillinga si. Dette drøfter vi nærare i delrapport 3

Ungdom og Livsmeining. Intervju i evalueringa speglar det same engasjementet både hos dei som er aktive i Ung i Sogn og Fjordane, men også informantane som ligg langt unna tidsbruk på politikk. Thomas og Kristian vert oppfatta som rastlause, uinteresserte på skulen, berre så vidt innanfor. Men dei same gutane har sterke meininger korleis skuledagen skal sjå ut. Dei veit kor tid dei er innanfor og utanfor, og set inn tiltak når dei passerer grensa. Begge er ressursar i eit skolemiljø på ein annan måte enn vi vanlegvis definerer som ressurselever, og liknar på gutane vi møter hos Trondman – herskarane over kaos og orden (1999). Ida er og ein elev som lærarane og delvis medelvane tykkjer er i grenseland for kva som er å vere innanfor det som er akseptert på skulen. Ho dominerer klassemiljøet, og er ofte ”ute etter” medelevar ho sjølv oppfattar som ”strebarar”.

Engelstad m.fl. (2003) nyttar Foucault når dei definerer makt: ”Makt er handlingar som påverkar andre handlingar”. Ungdom vert utsett for eit massivt press for å holde seg på det som samfunnet definerer som rett spor. I følgje Bourdieu (1991) er særleg forvaret av etablerte kulturelle kodar og institusjonar viktig.

”... flertallet av de unge er ikke maktesløse. De lærer seg selv å kjenne gjennom å utkjempe konflikter, både på skolen og i familien. ... Tilpasning skjer ikke bare gjennom press og trusler, men gjennom valg av rollemodeller, forbilder og idealer, det som ofte kalles for modellæring.” Engelstad m.fl. (2003:11).

Motsetninga mellom disiplin og fridom kan vi forstå på to ulike måtar, ei negativ form som innebere å vere fri for stengsler og band, og ei positiv form som har med kva som er mogeleg å få til i samarbeid med andre menneske (Berlin 1999 etter Engelstad 2003). Å oppdra til sjølvstende kan i det siste perspektivet bety positiv fridom. Disiplinering er opplæring til å kunne ta dei andre sitt perspektiv.

”Den enkelte kan ikke forstå betingelsene for å samarbeide med andre, hvordan egne muligheter er avhengige av at andre kan trekkes inn og mobiliseres for felles mål, betydningen av å tale sant og holde løfter, uten en omfattende disciplinering.”
Engelstad m.fl. (2003).

Ida uttalar dette om politikk:

Mannfolk som diskutera – det er politikk for meg! Det er så kjedeleg, det kjem eg ikkje til å sette meg inn før om 50 år!

Men Ida er aktiv på skulen når dei skal ta avgjersler, og har klare meininger om kva som fungerer bra pedagogisk for ho. Ho finn seg heller ikkje i å skulle gjere som lærarane seier, ho forlangar å få vere med på planlegging, men i si eiga form og på eigne premissar.

Unge som medbestemmande aktørar på skulen

Skulen har ei viktig rolle i eit demokrati. Den skal vere sentral i å førebu unge menneske på deltaking i demokratiet.

Camilla tykte at elevrådet på hennar skule var aktivt og gjorde ein bra jobb, og fekk gjennomslag på ein del saker. Men det som ho meiner er vanskelegaste å endre er sjølve systemet, pedagogiske og didaktiske spørsmål. Det varierer frå lærar til lærar, men ofte sat ho med kjensla at det var vanskeleg med endring dersom systemet ikkje ville endring.

I Læreplan for grunnskule, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring, generell del (L97) slår ein fast at opplæringa skal gje tilgang til arbeids- og samfunnsliv, og dugleik til å meistre skiftande omgjevnadar og ei ukjent framtid. Den må derfor tilføre holdningar og kunnskap som kan vare livet ut, og legge fundamentet for dei nye ferdighetane som trengst når samfunnet endrast raskt. Opplæringa skal ”lære de unge å se framover og øve evnen til å treffen valg med fornuft.” Den må venne dei til å ta ansvar – til å vurdere verknadane for andre av eigne handlingar og å bedømme dei med etisk bevissthet. Skulen skal gjennom opplæringa fremme demokrati. Det skal vere eit tett samspel mellom fostring i heim, skulen si opplæring og samfunnet som omgjev den unge. Opplæringa skal motvirke fordommar og diskriminering og fremme gjensidig respekt og toleranse mellom grupper med ulike levesett. Læring og undervising er lagarbeid, dette er ein grunntanke i opplæringa. Lærarane skal vere leiatar for dei unge sitt arbeidsfellesskap. I dette ligg det og at elevane er aktive partnarar i eit fellesskap, både med lærarar og medelevar. Elevane har ansvar for både planlegging, utføring og vurdering av arbeidet. Dette er eit av hovudpoenga i å tenkje ”den nye arbeidsplassen” for dei unge. På mange måtar har dei strame rammer, men nedfelt i målsetjingane for skulen er ein tanke om at elevane lærer meir om dei er aktive og tek ansvar (L97:15-33).

Dette vert vidareført i målsetjingane knytt til skulen sin funksjon for å gje ei god allmenndanning og å utvikle samarbeidande menneske. Skulen er eit miniatyrsamfunn. Opplæringa skal ”gje barn og unge del i grunnleggjande demokratiske rettar som åndsfridom, toleranse, rettstryggleik, trus- og religionsfridom og organisasjons- og ytringsfridom. Elevane må få innsikt i og respekt for demokratiske ideal og speleregler. Elevane skal øvast opp i demokratiske tenkje- og arbeidsmåte gjennom det daglege arbeidet i klassen, gjennom representasjon og elevdemokrati.” (L97:42-64)

I samfunnsfag skal skulen legge vekt på å ”utvikle fagleg innsikt, dugleik og samarbeidsevne og førebu dei til handling.” ”Eit levande folkestyre har som føresetnad at medlemmene i samfunnet kjenner til og sluttar opp om grunnleggande demokratiske verdiar. Kvar ny generasjon må lære og ta del i utforminga og halde i hevd demokratiske speleregler på ulike samfunnsområde.” Sjølve faget skal altså førebu elevane på ulike oppgåver i samfunnet ved å gje dei kunnskap, tru på eige verd og lyst til å ta på seg oppgåver til beste for samfunnet (L97: 175).

Mikkelsen og Fjeldstad (2003:21) omtalar dette som den dobbelte oppgåva skulen har: dei unge skal både lære om demokrati og politikk og trenere elevane til demokratiske samfunnsborgarar. Dette skal utvikle ei representativ innstilling (å lære om) og deltagardemokratisk innstilling (å trenere til). Den representativt orienterte opplæringa skjer gjennom utvikling og læring av kunnskapar, ferdighetar, haldningar og etablering av oppfatningar som vi trur betyr mykje for ein demokratisk samfunnsborgar. Den

deltakarorienterte opplæringa skjer ved at elevane praktiserer demokrati ved elev innflyting og med demokratisk prega undervisingsformer som og bidreg til utvikling og læring.

Læringsaspektet er viktig, og kan sjåast som ei tredje side ved praksis knytt til ein aktiv og sjølvstendig elev. Skulen har gjennom nasjonale målsetjingar fått nedfelt ei ramme og eit tankegods der eit viktig fundament for læring er aktive elevar som samarbeider med andre elevar og lærarar for å bygge kunnskap i lag. Læraren skal ha ei rettleiarrolle, meir enn den tradisjonelle læraren som skulle fylle dei tomme kara som elevane var.

Det er ein samanheng mellom det å ha innflyting og ha kontroll på eigen arbeidskvardag, og korleis du som ungdom oppfattar skolemiljøet. Forsking gjev uttrykk for at dei trivst betre og lærer meir (Stangvik 2000).

I den norske delen av ei internasjonal undersøking (Civic Education Study) er det undersøkt kor vidt eit utval av norske elevar meiner dei har innflyting i eigen kvardag på skulen (Mikkelsen et.al. 2003:36). Eit fleirtal av elevane meiner dei ikkje i det heile tatt eller i lita grad opplever bestemte former for medinnflyting (deltaking) i klasserommet.

Her handlar det om dei har vore med å planlagt undervising i skuleåret, om dei har diskutert korleis dei skal arbeide i timane i ulike fag, og om dei har diskutert korleis skulearbeidet skal vurderast. Punktet om planlegging hadde därlegast skore, berre 18 % opplevde at dei hadde ovre involvert i planlegging av året. Litt over 30 % hadde vore med på diskusjonar om arbeidsformer i fag og vurdering av skulearbeid. Undersøkinga vart gjennomført på ungdomsseget, med det er ikkje grunn til å tru at ein på vidaregåande nivå er "flinkare" til å legge til rette for elevinnflyting. Tvert om har den vidaregåande skulen henge etter i å tenke nytt pedagogisk. Thuen og Brun (1999) si undersøking indikerer at elevane har ei kjensle av å bli høyrt og respektert mindre dess eldre dei er. Men det er store variasjonar, og skjer mykje pedagogisk utviklingsarbeid for å involvere elevane meir. Luster vidaregåande skule er til dømes utnemnt til å vere demonstrasjonsskule nettopp for å ha lagt om heile skulen og pedagogikken for å nå mål å om å utvikle ein skule der elevane har stor grad av medinnflyting og ansvar for eiga opplæring.

I same undersøkinga ser ein at elevane i høg grad ønskjer å ha mulighet til innflyting. Dei har sterkest ønske om å medverke på områda knytt til reglar på skulen og arbeidsmåtar i undervisinga.

Elevane har sterkt tru på at felleskapet betyr mykje i skulesamfunnet. Over 80 % meiner det har stor eller svært stor betydning at dei får samarbeide, gå saman, organisere seg og delta i elevråd.(Mikkelsen 2003:46). Variasjonen er stor mellom dei ulike skulane, frå dei mest utprøvande deltarorienterte undervisingsformene til dei mest autoritære skulesamfunna der elevar ikkje har nokon aktørstatus i beslutningsprosessane (Hauge:52 i Grepperud 1999). Eit fleirtal av dei unge seier at dei ikkje eller i lita grad opplever deltaking i klasserommet i form av medverknad til planlegging, gjennomføring og vurdering. Dette går og fram i undersøkinga til Nordahl (2001).

Mange av elevane er aktive i klasse og elevråd. Men same undersøkinga viser at få elevar er aktive i planlegging av undervising, val av arbeidsmåtar og å diskutere vurdering, og dette står i kontrast til ønsket dei har om kunne vere med på denne jobben. Skulen er viktig for å strukturere og forsterke kunnskap og ferdighetar rundt demokratisk verksemd. Den bidreg til utvikling av demokratiske oppfatningar og haldningar. Utvikling og læring av demokratisk

tenking og åtferd føregår som eit omfattande samspel mellom ei rekke instansar som påverkar på den eine sida påverkar dei unge si emosjonelle og kognitive utvikling og på den andre sida dei aktive vala av identitet og livsstil (Bronfenbrenner 1979 etter Mikkelsen et.al. 2003:46). Eit klasseromsklima som er ope for ueinighet, diskusjon og fleirsidige framstillingar av eit saksforhold, er døme på faktor som er grunn til å tru betyr mykje for dei unge si demokratiske danning.

Vestby går vidare i analysane omkring skulen og elevane si medverknad som byggestein i demokratiutvikling. Ho viser (Vestby 2003:49) korleis skulen sitt arbeid med demokratibygging på mange måtar er skilt frå barne- og ungdomspolitikk generelt. Skulen er pålagt av samfunnet å løyse ei lang rekke oppgåver knytt til barn og unge sitt liv, men barne- og ungdomspolitikken inngår ikkje i utmeisling av skulepolitikken. Omvendt er skulepolitikk ein vesentleg del av barne- og ungdomspolitikken. Døme på dette er elevrådsrepresentantar som vert brukt som rådgjevarar og kunnskapsleverandørar i det politiske feltet. Men barnombodet rapporterer om at mange ungdomar viser gjennom kontakta dei tek at ei er opptekne av skulen som arbeidsplass, men at dei ofte ikkje vert høyrt i konstruktive forslag dei har (Hauge 1999:35).

Demokrati i skulen: frå elevråd til ein utvida funksjon.

Grepperud (1999) tek utgangspunkt i eit sitat frå ein ungdomsskulelev: "Jeg tror ikke det er så veldig vanskelig for lærere å forandre elevenes negative innstilling. Jeg tror det handler om å få kontakt med lærere på andre steder enn i klasserommet. At lærerne tar seg tid til å snakke med oss – at vi får si det vi mener". Han framhevar at dei sosiale relasjonane, både mellom lærarar og elevar, betyr mykje for korleis den einskilde eleven oppfattar seg sjølv, skuleprestasjonane sine og motivasjon. Skulemiljøet og korleis ein kommuniserer vert oppfatta som viktig, kanskje er det kjernen i spørsmålet om medverknad og innflyting på eigen kvardag. Det er grunn til å vere optimistisk dersom ein ser det som eit spørsmål om å ta seg betre tid til å snakke med elevane.

Trondman seier det same på denne måten: "För mig är frågan om vuxnas kommunikative ansvar lika nödvändig som den mer strukturella frågan om unga människors grunläggande livsvillkor." (Trondman 1999:26) Dersom ein ser løysingar på alle problem ungdomar har gjennom å gje dei gode livsvilkår (økonomi, bustad, foreldre, skule, helse) tek ein i følgje Trondman feil, like feil som om ein trur alle svar kan kome gjennom å møte unge på eit godt sett reint kommunikativt. Svar på spørsmål om eksistens, identitet og sjølvforståing må omfatte relasjonar og kommunikasjon.

Ungdomane melder om aktive og velfungerande elevråd. På spørsmål om korleis elevrådet fungerer, om det er aktivt, er jentene nøgde.

Stine: Ja. Det vil eg sei dei er aktive. Dei reiser på, de har jo møter

Anne: De har jo møter, veit ikkje, nesten kvar veke. Så har de jo grupper innanfor elevrådet. Sånn som ei veninne av oss ho er med, ho og så ei til frå elevrådet dei er med på sånn nytenkinsgruppe med lærarar og dei var som var på Alexandra i Loen no på sånn kurs då kor de hadde om andre måtar å lære på

Stine: Det med vekk frå tavle

Anne: Og det førte jo til at vi fekk for eksempel fekk ein vikar, vi hadde ein veldig kjedeleg naturfaglærar så fikk vi vikar då ein lærar som, ho var med på det kurset i Alexandra og då hadde vi for eksempel Jepardy i den naturfagtimen og det var kjempgøy og vi lærte masse og det var mykje morsommare.

Stine: Spørrequiz og alt sånn, det er artig måte å lære på.

Men i tråd med det Trondman argumenterer for, handlar elevdemokrati også om kommunikasjon mellom dei tilsette ved skulen og dei unge. Ida tykkjer ofte det er vanskeleg å diskutere med lærarane: ”*dei veit alltid kva som er rett*”. Andre informantar ser stor variasjon mellom lærarar, men mange meiner ein god lærar er ein som er tilgjengeleg i vid forstand, som høyrer på dei og er open for deira argument. Denne type medverknad er like viktig som det tradisjonelle elevdemokratiet.

Medverknad og tillit

Som eit gjennomgåande tema i intervjuet peiker jentene på at trivselen deira heng saman med den tilliten dei får frå skulen, at dei vert sett på som ansvarlege og sjølvstendige personar, og at dei kan vere med å påverke si eiga tilvere. Dette kjem fram i fleire tema i intervjuet, også som ein del av velferdsordningar.

Anne: Vi ... har nøkkelen til skulen..., og det er jo kjempefint at, det viser og at skulen har tillit til oss liksom. Og det er jo veldig positivt.

Stine: Vi må låse etter oss og det er vårt ansvar ikkje sant for det er vi som må bruke det og då går det igjen til oss når vi ikkje låse igjen der.

Jentene opplever at dei vert handsama med respekt og som likeverdige personar. Tilliten med nøkkelen dei får låne, handlar like mykje om respekt og tillit som at det løyser eit praktisk problem for dei. Dette er ein del av eit skolemiljø dei skildrar som eit godt sosialt miljø og ein fagleg spennande arbeidsdag. Og ikkje minst, fagleg kvalitet. Kvaliteten er både fagleg og i dei samspelet mellom vaksne og unge på skulen.

Anne: Det er mange flinke folk der.

A: Gode lærarar?

Stine: Ja.

Anne: Og elevar. Flinke elevar. ... Lærarar er ganske viktig, at dei er ganske menneskelege.

Stine: Dei er opne, du kan komme til dei med kva som helst og det er ingen problema med å

Anne: Og då blir det sånn gjensidig respekt mellom lærar og elev og det er veldig viktig

Stine: Du blir veldig oppfølgt og dei kjem inn og spør korsen går det, sånn i klassen eller går rundt.

Forsking på kva elevar meiner er gode elevar, viser at dei legg vekt på samhandlinga (Lillejord 2000). Kjenneteikna deira på gode lærarar var den sosiale dimensjonen og det relasjonelle aspektet. I samtala med Anne og Stine ser vi fleire sider ved dette. Dei opplever tillit og respekt, og det betyr mykje for dei. Dei vil ha menneskelege lærarar, som skal vere opne og kunne kommunisere. Og ikkje minst, ein skal ha respekt for kvarandre.

Personlegdomsdanning og inkludering heng nært sammen med læring. Læringa er ein prosess som går føre seg i nært samspel mellom alle som er inkluderte, både dei vaksne og unge. Den fagleg aktiviteten er følgjeleg nær knytt til demokrati, til at dei unge skal kunne medverke.

Anne: Av ein eller anna grunn så opna klassen oss veldig for ein lærar. Han er veldig lett å snakke med, så då fant vi ut mange ting som vi kunne snakke med han om for eksempel at

Stine: Vi fikk ut litt problema der vi hadde dei, altså vi sat inne med at vi ikkje lærte så bra

Anne: Mange som ville slutte ... At det blir for vanskeleg. ... Men det er ikkje sånn at folk i klassen tenker at eg skal vere bedre enn dei andre ... Folk blir akseptert for det dei kan og den dei er.

I skulekvardagen har dei ulike problem, både faglege og personlege. Læraren må møte desse sidene både med forståing og med grensesetting.

Andreassen (2003) hevder at auka fridom i utdanningsinstitusjonane ikkje nødvendigvis fører til at elevane vert meir nøgde. Forventningane til eiga utfalding aukar raskare enn kva som er faktisk mogeleg. Spenninga mellom disiplin og autonomi vert forsterka fordi endringar i identitet ikkje er avgrensa til skule eller studiar.

Sivesind og Ødegård viser at samfunnsengasjementet (i tradisjonell forståing av politikkfeltet) blant dei unge ikkje er på veg ned, men tel nye former og går meir i retning av ad hoc-organiserte aksjonar. Men i skulekvardagen kan vi sjå endringar (som i Luster) i engasjement og aktiv deltaking i utforming av eigen kvardag. Det er samanhengane mellom dei aktive skuleelevarane og arbeidskvardagen på skulen og det som skjer utanfor skulen, med andre ord heilskapen i kva ungdomen påverkar som gjev nøkkelen til å forstå medverknad i eit ungdomsperspektiv. På skular vi hentar data frå finn vi både ad hoc aktiviteten, vi finn grupper av unge som er svært aktive i kommunepolitikken og vi finn grupper av ungdomar som definerer seg langt vekk frå politisk engasjement, men som i stor grad påverkar og definerer korleis arbeidsdagen skal sjå ut. Dei er endringsagentar på sin måte.

I Civic-undersøkinga (ref.) fann ein at jentene i 9. klasse i større grad enn gutane opplever klasseromsklimaet som ope. Definisjonen på dette er at læraren respekterer elevane sine meningar, oppfordrar elevane til diskusjon og til å gjere seg opp eigne meningar. Jentene i vidaregåande skule svarar noko meir positivt enn gutane når det gjeld betydninga av elevmedverknad. Det vert vidare peika på at jenter og gutter har ulik rolle i klasserommet. Jentene på ungdomsskulen og vidaregåande skule vert oppfatta som meir modne enn mange av gutane (Mikkelsen m.fl. 2002 etter Vestby 2003). Det ser ut som jentene er meir opptekne av sosiale relasjonar og det kan sjå ut som dei har det Bjerrum Nielsen kallar eit kommunikativt fortrinn (Bjerrum Nielsen (1998) etter Vestby 2003).

Elevmedverknad og arbeidsformer på skulen

Kan dei unge tenkje om skulen sin at den er moderne og nytenkande, kan dette vere med å auke trivselen. Elevar oppfattar det som ein viktig del av kvaliteten på skulen.

I intervju spør vi om dei arbeider med prosjekt, om dei oppfattar skulen som moderne i arbeidsformene. Anne og Stine er opptekne av at undervisinga ikkje skal vere kjedeleg og tradisjonell.

Anne: Vi jobbar lite med prosjekt. Men det er snakk om at vi skal begynne meir med det.

Stine: Men det trur eg er fordi at sist når vi hadde prosjekt, så fortalte dei at dei hadde ikkje så gode erfaringar med det. Men det trur eg er fordi dei ikkje har prøvd ut så masse.

Anne: Ein elevrepresentant seier det at elevane er ikkje så veldig klar over det, men faktisk er det dei som har rett å sei at når vi skal, det skal vi gjere masse til neste år og, at vi skal snakke om i faget så er det snakk om at elevane skal vere med på planleggingsdagane, vere med å planlegge skuleåret og da kan de også, når vi får et nytt tema i fag og sånn så kan vi si korleis vi vil arbeide med det temaet vi vil ha prosjektarbeid no, ok, så må læraren føye seg etter det.

Stine: Dei som er i elevrådet tar det opp i klassen, sant, og får tilbakemelding og gir tilbakemelding på det. Det blir heile tida sånn oppfølging på kva klassane meiner. ... I klassen vår blir nok det meste tatt opp, eg trur nok vi seier i frå viss det er noko.

Kristine viser til læreplan og mål for undervisinga når ho snakkar om elevdemokrati relatert til arbeidsformer. Ho peikar på at alle elevar skal bestemme si eiga undervising i følgje nye læreplanar og nye mål som lærarane får. Det betyr at alle skal vite kva som står i læreplanen og læraren skal bruke eit skuleår på å oppnå dei læreplanmåla og ikkje nødvendigvis vere så bunden av læreboka.

Kristine: Og det som veldig ofte skjer er at vi får utdelt læreplanen fyrste dagen og så går læraren gjennom det på transparent og det er det siste vi ser til han. Det er klart at dersom det skal vere noko realitet i læreplanmål så må jo det brukast på ein mykje, mykje meir aktiv måte. Nokre få lærarar gjer det, men det er veldig få. På same måte med at ein skal ha innverknad på korleis undervisinga er. Ein får utdelt eit blankt ark, og så skal du skrive ned korleis du vil at undervisinga skal vere. Dette her skjer ofte på begynnelsen av året, då du kanskje ikkje veit kva faget går ut på skikkeleg, og du veit ikkje korleis klasesamansetninga er, det er mange ting du ikkje veit på begynnelsen på året som gjer at du lett skriv 'eg har lyst å bruke internett' eller 'eg har lyst å sjå video meir' ikkje berre ha vanleg klasseromsundervising, og det blir veldig vagt.

Kristine meiner at lærarane hadde sett pris på innspel frå elevane. Dette blir eit uløyst problem;

mange opplever skuledagen sånn at det berre er kunnskap som heile tida blir pressa på ein, at ein ikkje har lyst å lære. Det er klart at viss ein hadde fått meir ansvar sjølv for å, det er jo idealskule, det er jo drømmeskulen det at folk skal ha lyst til å lære det dei lære. Men det er veldig vanskelig å få til, men ein kan jo jobbe mot det.

Sigrid har delteke i eit utviklingsprosjekt der det skulle utviklast nye arbeidsmåtar på skular. Dette tykte ho var spennande å jobbe med. Men det tek tid før endringane kjem, og Sigrid meiner det er viktig med engasjement for elevane.

Engasjement

Fleire av informantane våre kjem inn på korleis engasjement er ein viktig del av det å få demokrati og unge si medinnflyting til å fungere. I neste avsnittet drøftar vi korleis det ser ut her i fylket.

Anne og Stine meiner at engasjement er viktig, og prøver å ta ansvar. Dette er eit trekk som vert omtala av vaksne som arbeider med ungdom. Mange jenter er ivrige og prøver både å ta ansvar sjølve, og få med seg fleire. Bak ligg ein tanke om at dei vil få til noko, og at engasjementet er ein viktig grunnstein i det.

Stine: Vi burde funne på meir.

Anne: Og vi gikk rundt og prøvde å få med alle mulige

Stine: Dei bare satt der, så tenkte vi vi må jo gjere noko. Eg trur det var mest vi som tenkte, og vi gjør noko for å få det bra sant. Vi må jo engasjere oss i dette, men folk er meir sånn at dei drite no i og reknar med at andre gjere det, sant.

Stine: Men eg trur at, men vår klasse er veldig bra eksempel på godt miljø altså for det er utrulig nært forhold til kvarandre i klassen.

Kristine peikar på at elevrådet blir fort blir redusert til å bli dei som bestemmer om det skal vere brusautomat på skulen eller ikkje, og knyter dette saman med manglande engasjement.

Kristine: ... dersom det ikkje er engasjerte folk som er villege til å ta initiativ sjølve, og det krev veldig masse arbeid. Så det eg har opplevd er at du må velje, enten så må du gjere skulearbeid eller så må du

engasjera deg i masse ting, og det er ein veldig vanskeleg balansegang. Eg vil veldig gjerne gjere begge deler, skulen kunne ha lagt meir til rette. På mange måtar så kveller skuledagen, den som er veldig strukturert og veldig fastlagt sånn som den er no, den kveller sågne engasjement veldig lett. Elles så går det ut over karakterane.

Jentene vil gjerne engasjere seg, dei vil gjerne at andre skal vere like ivrige, men samstundes ser dei at dette er vanskeleg å få til. For dei sjølve kan det ofte handle om at dersom sei skal følgje lysta si til å skape og påverke omgjevnadane rundt seg, går det ut over prestasjonane på skulen.

Unge i politikken

I neste avsnitt ser vi på korleis engasjement og aktivitet ser ut for dei unge på den politiske arenaen.

Fleire av informantane våre peikar på at det er mange jenter som er aktive, både skulepolitisk og i politikken i lokalsamfunnet. Ein ungdomsarbeidar i fylket meiner at det er tydeleg trekk at jenter tek meir ansvar, dei vil ha innflyting og vere med å ta avgjersler. Dei tek tak i sider ved fritidstilboda som dei vil ha endra, og dei er svært aktive.

Vi finn altså grupper av unge i Sogn og Fjordane som er svært aktive politisk.

Camilla meiner at det er ”dei flinke og ressurssterke” som sit i ungdomsråd – den ”vellykka ungdommen”. Ein del ungdomar signaliserer at det ikkje er tøft å vere med der. Nokre vil distansere seg frå ungdomspolitikken og kjem ikkje med innspel. Her meiner ho det går eit skilje mellom allmennfag og yrkesfagleg studieretning.

I Luster har den vidaregåande skulen berre yrkesfag, men har eit svært oppgående elevdemokrati, det er ein del av den pedagogiske modellen. Her er også dei tøffaste gutane med å meine om tiltak.

Ungdomsrepresentantane i Ung i Sogn og Fjordane ser at det ikkje alltid er like lett å rekruttere ungdom – ungdom som har lyst og iver, ikkje nøvendigvis dei som kan alt muleg, men personar som kan ta eit tak.

I ein gjennomgang av fleire svenske undersøkingar trekker Trondman (1999:284) ut desse punkta:

- Ungdomar er meir uavhengig enn vaksne i forhold til politiske parti, og endrar lettare valåtfred.
- Ungdomar er i lita grad representert i politikken, stats- og marknadsorganisasjonar. Unge si faktiske innflyting gjennom representasjon er nesten ikkje-eksisterande.
- Ungdomar opplever å ha svært lita innflyting på politikk, stat og marknad.
- Ungdomar opplever å ha relativt stor innflyting på eigen kvardag.
- Ungdomar si politiske interesse og engasjement søker nye, offentlege men ikkje partipolitiske former og kanalar, t.d. lokale skulestyre og lokale ungdomsråd.
- Ungdomar vil at ungdomar skal vere med å påverke sitt eige kvardagsliv, men utan partipolitisk organisering og utan at val og representativitet er nødvendig.
- Gjennom nye former og kanalar trur ungdomar at dei kan påverke politikken

Det er fleste av desse punkta er i samsvar kva vi finn i forsking i Norge, også data vi har i Sogn og Fjordane. Dette går vi vidare med i delrapport 3 Ungdom og Livsmeining.

Anne: Det er det kanskje eit betre miljø her i [heimbygda], politisk Trur eg. For eg veit det er ein del ungdom her som er politisk engasjert. Eg har ikkje sett nokon politisk engasjert ungdom i bygda eigentleg.

Stine: Eg trur nok at viss du er der og du tar kontakt med

Anne: Der er målungdom, det er heilt ekstremt.

Stine: Engasjementet er jo heilt på topp. ... Det er litt vanskelig å vite for oss som ikkje er så ivrig, men for dei som er så trur eg nok dei klarer å kome seg fram.

Camilla er ein av informantane som har vore aktiv i politikken på kommunalt nivå. Ho opplever at det har vore ei god tid, og at ho verkeleg medvirka til å utvikla bygda for dei unge. Men etter ei tid melde det seg ei slitasje, ho tykte at mange saker kom opp igjen gang på gang. Dette svekka motivasjonen hennar, og når kommunen stoppa eit på tiltak som var viktig for dei, ”gjekk lufta ut av ballongen”. Dei hadde arbeidd lenge med å få til ein uformell møteplass, og opplevde at kommunen heldt dei for narr. Så frå å vere optimist og stå på i Ungdommens kommunestyre, enda ho opp med å tykke at det ”heile var litt kipt”. Camilla ser at ordføraren har delteke på alle møta deira, ”men han gnei seg i auga”. Sjølv om kommunen viser velvilje, må ungdomen møtast med reelle endringar.

4. Avmakt

Kjensla av avmakt kan og vere innbilt, ”en rasjonalisering som stanser selvrefleksjonen”. Protest er eit mål i seg sjølv, protest gjev fridom. Og dersom protesten vert høyrt, er den ikkje lenger protest. Forsking viser at ungdom har, både som individ og gruppe fått større mulighet til å påverke samfunnet. På indivinivå har dei større autonomi. Døme på dette er at dei har sterke posisjon i ”forhandlingsfamiliane”, det er lågare stemmerettsalder og auka rettar til utdanning. Sjølv om avstanden til der avgjersler vert fatta på politisk nivå er stor, har likevel ungdomskulturen sterkt gjennomslag. Dette treng ikkje vere tilskita. Dei unge er i større grad synlege i det offentlege, dei har høv e til å setje dagsorden og å påverke kva som er akseptabelt både moralsk og estetisk (2003:17). Likevel er det Engelstad kallar ungdomar sin marginale posisjon tydeleg, og samfunnet ville tene på at den vart redusert. Ung i Sogn og Fjordane er eit tiltak i slik retning. Ein skal nå dei som fell utanfor, og skape arenaer der dei kan legge premissane.

Ein av ungdomsrepresentantane i programgruppa vurderer den tidlege perioden i Ung i Sogn og Fjordane som vaksenstyrt. Dette fungerte ikkje, og ein fekk ein reaksjon der det berre var ungdomar som styrte, og heller ikkje dette var bra. Dei unge oppfatta det som dei fekk gjennom alle sakene utan at dei måtte ”kjempe” for det, og dei mista ei motstand som er bra for å motivere og prøve ut argumenta.

Gutane i ”utkanten” av skulen

I artikkelen Den panerte grytlappen fortel Trondman (1999:75) om 5 gutar, kjende for å vere trivelege, i alle fall når dei sjølve vil, og har kraft og lyst til akkurat der og då å ”oppføre” seg. Dei 5 gutane til Trondman har mange fellestrek med Kristian og Thomas, og til ei viss grad også Ida og Katrine. Inn i mellom set dei skulen sitt personale og verksemد på ein ”snurr”. Når desse dagane startar er det ingen som veit korleis dei endar. Desse gutane er

herskarane over kaos og orden, dette er og ei form for innflyting og makt som er viktig. Dei utgjer ein motkultur i skulekvardagen. Forskingsarbeidet til Trondman fortel om korleis dei gjer dette.

Dei har evna til å sjå det kontekstuelle og med både små enkle knep og meire voldsomme handlingar å sette krokbein for skulen og representantane for den. Og dei har det moro samstundes som dei gjer dette. Registeret til gutane går frå å gynge på stolen, gje nøyaktige og knivskarpe kommentarar ved nøyaktig feil (eller rett) tidpunkt, kome akkurat passe for seint, rape, hevde at den kvinnelege læraren har skjegg, kaste papir og pennar, bevisst gløyme alt dei skulle ha med til timen, til å sette i gang med små og på førehand planlagde eksperiment som å vere med i valfag i foto og oppføre seg eksemplarisk samtidig som dei torpederer lærarane sine planlagde aktivitetar. Alt dette for å utfordre skulekulturen og skulekvardagen som dei ikkje opplever som sitt. Dei er ikkje på heimebane. Dei gjere knapt nok lekser, det har skulen gjeve opp å stille krav om. Men det er sjeldan dei skulkar, dei held seg innanfor grensa.

Skulen tilbyr miljø, livsstil, smak, innstilling og krav som på dei fleste punkt avvik frå desse gutane sitt heimemiljø og sin eigen kultur. Dei må såleis få merksemd og skape sin eigen identitet ved hjelp av andre reiskap enn gode skuleprestasjonar. Det handlar ikkje så mykje om den einskilde si unike og subjektive oppleving og erfaring med tilveret, men mest om ei gruppe med guitar si felles gruppeidentitet. Den er tvinga fram gjennom sosial interaksjon i ein skule og i eit samfunn som dei ikkje kjem utanom.

Gruppeidentitet er eit medlemskap i eit uformalt nettverk og har røtene sine i delt sosial eksistensvilkår (klasse, kjønn osb.), formidla via familien og kameratane i nabolaget. Identiteten fungerer som eit skjold mellom individet (bevissthet, sjølvforståing og sosiale handlingar) og skulen sin kultur og oppgåva den har i å forme dei unge.

Alle menneske treng andre si bekrefting på at vi er noko, betyr noko. Vi vert til som menneske gjennom samhandling med andre i spesifikke, tidspregra sosiale samanhengar. Bilda av oss sjølve får vi gjennom å ta til oss andre sine reaksjonar og signal på vår eigen person. I følgje Trondman er dei idelle møte- og samtalesituasjonane mellom menneske som er likverdige individ. I det ligg det at ein skal ha likeverdige mulighetar til å påverke skulekulturen og ha nytte av det som skjer på skulen. Han stiller spørsmål om korleis gutane kan bevare identitet, oppholdsesdrift ("sjølvbevarelsesdrift"), stolthet og ære i skulesituasjonen når dei ikkje gjere dei nødvendige investeringane for at dei skal "lykkast". Dei sokjer til gruppa for å bli herskare over "kaos og orden". Dette gjer dei for å markere skille mellom "vi" og "dei", "för att de på det sättet organisera de bästa tänkbara förutsättningarna och uttrycken för att ändå "vara något" och därmed känna tillfredsställande och stolthet i vad de egna erfarenheterna och självförståelseformen säger att man är." (Trondman 1999:78)

Eit av dei viktigaste prinsippa for desse gutane sine aktivitetar i skulekvardagen går derfor ut på heile tida å vere på vakt mot skulen sine forsøk på å intervenere i gutane sitt liv, i skulespråket: for å få orden på gutane og i det minste gjere eit forsøk på å få inn reglar for akseptabel oppførsel. Dette er ein stillingskrig mellom skulen sin kultiverings- og korrigeringsforsøk og gutane sin motoffensiv.

Keisemd

Kjensle av keisemd er ein del av å vere ung, også for ungdomane i vårt materiale. Bringedal et.al. (2003) drøftar i ein artikkel keisemd som ulike uttrykk for makt og avmakt. Ei form for keisemd er den som markerer at ein tek avstand til dei rammene dei unge er innanfor.

”Kjedsomheten kan være uttrykk for at de er i ferd med å bli utvendiggjort i forhold til sin posisjon i sentrale institusjoner. Slik kan altså kjedsomhet knyttes til avmakt, til de begrensede muligheter til å fri seg fra den type dominerende institusjonaliserte soner som ungdommene er tvunget til å leve sine liv innenfor: skolen, og også familien. Samtidig viser dette hvordan kjedsomhetsfølelsen representerer et potensielle for oppbrudd og opprør.” (Bringedal et.al. 2003:343)

I samtala nedanfor ser vi jenter som har eit rikt liv med mange meiningsfulle aktivitetar, men som likevel kjedar seg. Dette er ei type keisemd som ikkje uttrykkjer avmakt, men som for jentene er ein naturleg del av livet.

Anne: Jo vi kjedar vel oss

Stine: Vi kjedar vel oss?

Anne: Jo, vi kjedar oss. Vi går saman og kjedar oss, men det er eigentlig berre teit. Vi sit der fem stykker og så kjedar vi oss veldig, men vi kunne jo ha funne på noko men så kjenner vi kvarandre godt sant at 'uff kva vi skal snakke om no då'

Anne: Altså vi pleier liksom og så vere med kvarandre kanskje vi lagar eit eller anna sånt, kake, leiger film eller noko sånt, viiss vi kjedar oss da, så gjør vi det. Så har vi spist middag så sit vi rundt bordet liksom 'ka skal vi finne på no då'. 'Veitkje' eg, skal vi gå ut?' 'Nei, gidd ikkje'. Det er jo litt teit. Det er masse vi kunne gjort

Stine: Ja?

A: Men kvifor er det teit?

Anne: Kvifor teit? At vi ikkje gidde nåke? Vi må ikkje gjøre noko heile tida. Vi har sete mange tima vi, og ikkje sagt nokon ting og hatt det kjempegøy

Stine: Det er eigentleg ganske fint å kjede seg. Det er alltid litt gøy og når vi kjeda oss. Anne: Vi kjeda oss jo ikkje då, eigentlig, sjølv om vi seier vi kjedar oss

Stine: Det er jo bare fint liksom sitje her å

A: Kjedar de dokke i skuletimen?

Stine: Det spørst vel eigentlig

Anne: Nja jo vi gjør vel det eigentlig

S: Jo det kan hende det ja. Det har veldig med kva type lærar vi har og sånn

Anne: Ja det har det.

Stine: Man kan sitte heilt opphengt i timer og det går kjempefort. Men kan føle det går 5 timer berre på ein.

Anne: Ja det er lærarane, det er det.

A: Eller arbeidsformene?

Anne: Ja.

Camilla snakkar også om keisemd. Ho kjedar seg, men trivst godt. Det er ”ingen ting” å finne på, men då må ho vere kreativ.

Keisemd er ein del av ungdomskulturen, men det kan og vere uttrykk for eksistensielle spørsmål, for problem unge har med å finne mening i livet sitt.

Desse spørsmåla vert drøfta i delrapport 3 Ungdom og livsmeining.

5. Trivsel i lokalsamfunna

A: *Trivst du i Bygda? Er det bra her?*

Stine: Veldig veldig bra.

Anne: Eg trivst betre her enn i [heimbygda] eigentlig. Men no har ikkje eg gått på vidaregåande der så det blir jo noko heilt anna å gå på vidaregåande der. Men det er veldig godt miljø her.

Sitatet over fortel om det vi tidlegare har vore inne på, nemleg at Sogn og Fjordane er ein god plass å vekse opp. Jentene gjev uttrykk for stor grad av trivsel, og knyter det med ein gang til hovudaktiviteten i livet sitt; å gå på vidaregåande skule.

Dei tre kommunane er typiske kommunar i fylket, med store variasjonar i kommunen alt etter kvar dei bur – i sentrumsnært område eller i grender som ligg lenger vekk frå sentrumsområdet. Alle tre kommunane informantane kjem frå har vidaregåande skule, Sogndal har i tillegg høgskulen som pregar ungdomsmiljøet. I desse tre kommunane finn vi mange ulike typar ungdomsmiljø, det gjev meir mening å sjå ulike grupper ungdommar intern i desse kommunane enn det ville vere å tenkje at Gloppen skulle representere eit ungdomsmiljø, Sogndal eit anna og sameleis med Luster. Nokre av kommunane i fylket har eit sterkare industrimiljø enn dei tre utvalde kommunane, dette kan vere med å prege oppvekstvilkåra. På same måte er ikkje tettstadane med by-problematikk dekka. Det er stor forskjell å vekse opp i ein av byane mot å bu i ei av grondene i ein utkantkommune i Sogn og Fjordane.

Variasjonane handlar om fleire sider ved ungdomane sitt liv:

Interesser og identitet

Skule og arbeidsliv

Kultur og verdiar

Som ein del av dette fortel jentene snakkar om miljøet i dei ulike bygdene dei kjenner. På spørsmål om kva som er forskjellen på bygda dei bur i og heimstaden, snakkar dei om korleis miljø og kultur er ulikt, og kor viktig det er for dei at det er eit mangfold i aktivitetar og at folk er forskjellige.

Anne: ... for min del blei det jo heilt andre folk liksom, og det syns eg var ganske viktig, for på [heimstaden] er veldig sånn rånemiljø, det er veldig masse drikking og sånn har eg fått inntrykk av. Det var iallfall det på ungdomsskulen.

Stine: Du blir veldig mykje meir godtatt som du er i Bygda enn du kan vere på ein måte på [heimstaden] då, meir sånn indirekte press på at du må vere nokon du ikkje er. ... Mja, men det er vel det at det er veldig mange linjer på skulen vår og, som gjer at det blir eit veldig stort spekter av forskjellige folk ... Det er jo veldig mange personligheter på desse linjene... Sånn at det blir veldig masse forskjellig.

A: Både lærarar og elevar?

Anne/Stine: Ja.

Jentene legg vekt på at noko av kvaliteten i miljøet er at det er samansett, at folk er ulike og det gjev rom for dei å utvikle sin identitet utan at dei ”må vere nokon eg ikkje er”. Dei fortel om ulike kulturar, ulike miljø.

Anne: Det er veldig masse kristent miljø i Bygda... Vi er ikkje med der.

Stine: Men det er veldig mange som er med i alle fall.
Anne: Ja. Men det er mest fastbuande.
Stine: Ja.
A: Er det eit skilje mellom kristen/ikkje kristen?
Stine: Ein kan ikkje sjå på ein person at han er så veldig kristen nei
Anne: Nei på oppførelsen og sånn
Stine: ... Eg trur ikkje ein kan skilje
A: Du nemnde på det med rånekulturen, at du ikkje finne så mykje av den i bygda som på [heimstaden] eller?
Anne: Jo det er der men dei er eldre. Det er dei same folka, ein del over 20 og dei har med seg elevar frå ungdomsskule, 10-ande, eg reknar med det er vel sånn her og egentlig. Eg veit ikkje. Det er vel ikkje så mange som rånar sånn på vidaregåande her. Det er ungdomsskulen.
A: Unge jenter og eldre gutter?
Anne: Ja det er det.

Når Kristine skal fortelje om det sosiale miljøet på skulen, fortel ho om at ho personleg har ein trygg og god vennekritis. Ho veit ikkje om dette er representativt, men refererer til trivselsundersøkingar på skulen som viser at elevane flest trivst ganske godt og kjenner at dei kan vere seg sjølv. Miljøet har forholdsvis lite mobbing.

Camilla og fleire med ho ser det som eit problem at ”alle kjenner alle”. Ungdomsmiljøet er prega av å vere ”gjengete”, og at jantelova rår, det skal ikkje vere lov å stikke seg ut. Fleire seier at problemet er størst når du går på ungdomsskule, men at det er meir avslappa på vidaregåande skule.

6. Ungdom som kategori

I det seinmoderne samfunnet er ungdomstida utvida, både oppover og nedover i alder. I følgje Frønes og Brusdal (2000) er ”fjortisane” dei som er midt mellom barn og ungdom, medan ”unge vaksne” er i tjueåra før dei vert vaksne. Grensene er flytta. Når fleire aldersgrupper vert inkludert i ungdomssekkjen, vert ungdomsgruppa meir samansett og følgjeleg er spørsmålet om makt også meir komplekst. Lang ungdomstid og store ungdomsgrupper gjer at biologi er eit dårleg kjenneteikn på kva det vil seie å vere ung (Engelstad m.fl. 2003:8). Ungdomstida kan sjåast som eit sett av ”sosiale konstruksjonar”. Roller, forventningar, identitet, sosial posisjon og kulturelt tilhøyre er viktigare enn fysisk alder og kroppsleg utvikling.

Fleire av informantane våre som arbeider med ungdom peikar på ei utvikling med utviding av ungdomstida. Dei fortel om at dei ser mange 15-åringane strevar hardt her i fylket med å vere 18. Same informantane fortel om at dei opplever at ungdom i fylket er prega av skifte i tida som resten av den vestlege verda: uro og stadige skiftingar som gjer det vanskeleg å halde fotfestet. Ikkje alle greier å henge med.

Det er fellestrekks som gjere det mogeleg å snakke om ungdom som ei gruppe. Ungdom har sterke forankringa si til grupper av jamaldrande. Dei er under utdanning, det betyr at dei er i endring og er i eit system der dei er underlagt eldre, faglege autoritetar. Unge er i ein jamaldringskultur samstundes som dei lever med innordning til autoritetar – dette bidreg til å styrke krav om fridom frå kontroll og tvang, fridom til utfalding på eigne premissar, fridom til å tenkje og å ha sine eigne kjensler på nye måtar. Skulen skal gje dei ansvar for eiga læring. Slik sett hevdar Engelstad at dei unge er ei slagkraftig gruppe. Men dei endrar seg raskt, den

einskilde si sjølvoppleving endrar seg raskt. Dette flyktige gjere det vanskeleg å utforme felles interesser og setje organiserte krav bak dei.

Eigen identitet og mangfald

Giddens (1991) legg i omgrepet identitet at alle menneske treng ei pågåande og dermed forteljing om seg sjøve som heile tida endrar seg. Forteljinga handlar om kven ein er, kvifor ein er som ein er, og korleis. Å fortelje historia om seg sjølv er eit forsøk på å forstå seg sjølv som den ein er, og forme seg sjølv til den ein vil vere og gjennom det å prøve å ta i ferde med dei vilkåra som ein ikkje alltid rår over (Trondman 1999:290).

Stine: Det har masse med kva miljø du er i. Du kan ha forskjellig frå kull til kull på vidaregåande, du kan jo det. Men eg trur nok det er lettare på ein sånn plass som med ein vidaregåande skule som har så mange linjer, så mange typar folk, så mange forskjellige, det blir så mange forskjellige meininger.

Anne: Ein blir vant til.

Stine: Alt blir fletta inn i kvarandre liksom.

Anne: Det er ikkje det at folk er meir spesielle, men det blir forventa at man kan vere litt annleis, men det er ikkje det at de er annleis, det er meir at de er seg sjøl liksom. Snakka med ei veninne som går på [heimstaden] og det var ikkje sånn som ho hadde trudd å kome på vidaregåande i forhold til ungdomsskulen. Ho føler ho kan vere seg sjølv utan at det har noko å seie.

Stine: Blir meir akseptert.

Anne: Vidaregåande generelt trur eg at du, det er meir at du kan vere deg sjølv. Ungdomsskulen er verre. Då skal alle vere like. Du har ikkje heilt funne deg sjølv, din stil.

Mange av dei unge kjenner at bygdene representerer stor sosial kontroll, og at dei tidvis opplever at dette hindrar dei i å vere seg sjølv. Dei kjenner at dei avgrensingar for kva dei kan tillate seg å gjere, men samstundes representerer den sosiale kontrollen ein tryggleik.

Stine: Det blir veldig sosial kontroll når alle veit kven alle er.

Anne: I 9. klasse var eg jo sammen med ein som var tre år eldre enn meg og alle visste det. Det var ikkje sånn at noko mislikte det eller noko sånt. Men viss mamma snakka med nokon så visste dei det. Det blei liksom kommentert.

Stine: Men man blir fort stempla altså.

Anne: Eg hadde ikkje noko stempel på meg der på ungdomsskulen. Altså eg var ikkje inne i det miljøet der, men det var så, men det var mange som snakka om dei og dei jentene som. Men det var de mest populære jentene, det var de som var sånn, det var de som var lause på tråden liksom, men de bleikje' noko, det gikk heller motsatt at vi som ikkje var det vi fikk gjennomgå, viss du skjønnar. ... Dei klarte ikkje å akseptere meg, for eg var den eg var, dei skulle vere sammen og se opp til den personen, og ho var ledaren av den gjengen. Eg respekterte den personen ikkje i det heile tatt for eg likte ikkje ho i det heile tatt og ho likte ikkje meg.

Stine: Det blir sånne klikkar, kanskje ikkje no men på ungdomsskulen er det veldig det. Og der er det veldig problem med å vite kven du er.

Jentene opplever sterkt ein sosial kontroll som er knytt både til kven du er, og kva du kan gjere utan å bli sett utanfor. Jenter som får rykte på seg for å ha mange forhold til gutter blir stigmatiserte. Dette er eit trekk som vert bekrefta gjennom intervjua med ungdomsarbeidarane.

Jamaldringane

Når vi spør dei unge om forholdet dei har til venene sine, fortel dei om sterke band mellom kvarandre. I delrapport 3 Ungdom og livsmeining går vi vidare inn i dette. Vi ser at jentene brukar kvarandre på mange måtar.

A: *Viss de fekk problema, kven hadde de gått til då?*

Anne: *Eg hadde gått til Silje*

Stine: *Anne!*

Forsking på ungdom viser at dei jamaldrande spelar ei stor rolle i livet til dei unge. I delrapport 3, Ungdom og livsmeining, har vi data som fortel mykje om dette. I intervju vaksne som arbeider med ungdom, får vi utsegn om at vennegjengen blir stadig viktigare for dei unge. Det er spesielt jentene som dei meiner stadis får tettare bindingar til veninnene sine. Ei følgje av dette er at dei vert meir sårbare når dei ikkje har tilsvarande tett veninnerelasjonar som ”dei andre”. Jentene er svært opptekne av å vere innan for, og å kjenne tryggleik i sosiale relasjonar.

Å bu på hybel

Mange unge i fylket bur på hybel, og flyttar tidleg heimanfrå. Når vi snakkar om korleis det er å bu på hybel, svarer fleire av informantane at det er greit.

Kristine: *Det er fint det, det er ganske greit å få seg hybel. Vi har det så fint, eg bur med ei god veninne og det er trygt og godt.*

Samstundes veit vi at mange har problem i overgangsfasa frå heim til hybel, og har stort behov for oppfølging. Dette fortel feire av dei som arbeider med ungdom i fylket

Jentene bur på hybel, og det gjer dei fleste dei kjenner i Bygda. Når dei fortel om livet på hybeln, er temaet mat, og behov dei har for å få ein rimeleg plass med servering av mat. Dette har dei til felles med mange, og prosjekta i Eit betre hybelliv og Skape uformelle møteplassar prøver å dekke slike behov. Mange saknar familien, og om ikkje saknet av familien er stort har dei likevel behov for å finne funksjonar som kan dekke rutinar og samvere i heimen.

Stine: *Alle i klassa vår bur vel på hybel ... så det er veldig stort hybelliv altså*

Anne: *Det er det. Men altså hadde det budd fastbuande der så hadde vi vel vært med dei og. Men eg tenke kanskje at vi er vel mest med folk som bur på hybel, for det blir som sånn familie liksom. Når familien ikkje er der blir det det som erstattar det.*

A: *Men fortel om hybellivet, fortel om ein typisk dag!*

Stine: *Det varierer vel, det spørst om vi ikkje har så masse å gjør på skulen så blir det vel til at vi er i lag på hybeln eller vi lagar ofte middag i lag sånn av og til*

Anne: *Mmm. Det er ein ting som vi kunne, som det hadde vært veldig fint viss det var, Bygda er jo ganske lite ... så, det erkje' så veldig masse, det er dyrt og så erkje' det. Altså på open skule så har dei jo middag. Men det er berre ein gong i veka eller noko sånt. ... det er så seint, det er sånn i sjutida eller noko sånt. Det er sånn i fire-fem tida vi spise middag,*

Anne: *Så vi snakka veldig masse om at det burde vært en og kanskje ikkje på skulen, for da er det så masse at vi er på skulen*

Stine: *Folk vil vekk frå skulen når dei er ferdig fire, sånn tre-fire tida sant.*

Anne: Det skulle vært ei kantine. Sånn som i Sogndal er den studentkafeen ned i Kulturhuset

Stine: Det burde vært ei liknande

Anne: Med salatbar. Jammen det hadde dei tent masse på for eg er sikker på at 60/70 % av skulen bur på hybel altså. Veldig mange.

Dei unge som bur på hybel er i gang med ei lausriving som alle skal gjennom, og dette drøftar vi i det følgjande. Tiltak i Ung i Sogn og Fjordane må ha auge for at unge både har praktiske behov dei treng hjelp til, men at det og handlar om å skape sitt eige liv. I denne prosessen har mange behov for hjelp, men det er ein balansegang mellom å få prøve ut sin eigen levemåte.

Ein del av det å vere ung er å søkje seg bort. Ein skal ut av relasjonane til skuleleiinga, ordensreglane i ungdomsklubben, kome fri frå andre sin kontroll, skape seg eit frirom, vere autonom. Å skape seg frirom betyr og ei form for makt, på den måten at det betyr å halde andre unna. Det er ei kjelde til motstand: uvedkomande har ikkje tilgang, her har eg kontrollen (Bringedal 2001).

Fritidstilbodet i Bygda og trivsel

Ungdomane fortel at det er lite å finne på, men at det kjem an på kva ein interesserer seg for. Dersom ein har interesser staden har eit tilbod på, fungerer det betre enn når du ikkje har aktivitetar som passar dine interesser. Ofte er tilbodet smalt, og passar best dei som er interessert i idrett. Anne og Stine er ikkje sikre på om tilbod på skulen kan fylle alle behova.

Anne: Det er kino då..

Stine: Det spørst kva du interessera deg for, er du veldig interessert i friidrett så er det veldig gode friidrettstilbod. Eg dansar ein gong i veka, men det er jo ein ting eg interesserer meg for det er ein ting eg lika å gjør.

Anne: Vi saknar kanskje ein plass vi kunne gå til, uformell møte plass, ikkje open skule, eg likar ikkje det lokale som det er i

Stine: Nei, det er noko med atmosfæra, ein får nok av skuleområdet.

Anne: Og når du er i kantina alle friminutt liksom så, åh, orkakje' vere der etter skulen òg.

Stine: Dei som bur på hybel, og ikkje har øving på skulen og ikkje driv med noko friidrett, det er ikkje så masse å finne på då. Men det med å ha ein plass å gå til det trur eg er veldig bra. Ein slags kafe, kanskje ikkje sånn at du har kjøpeplikt heller. For det er ofte vi tenkjer nei vi orkar ikkje gå inn der vi må kjøpe noko. ... Eg syns det er viktigaste med middagstilbodet. At vi berre har ein plass med billigare mat.

Anne: Salat som du kan lage sjølv.

Jentene er doble i korleis dei beskriv fritidstilbodet. På den eine sida seier dei som ovanfor at dei har eit betre tilbod her enn på heimstaden sin. Samstundes seier dei at eigentleg er det ikkje noko å gjere anna enn det dei finn på sjølve. Men dette ser dei ikkje som problematisk, og koplar dette mot ein innhaldsrik og meiningsberande skulekvardag.

A: Kva er viktig for at de skal trivast i bygda?

Anne: Det er miljøet som er viktigaste.

Stine: Eg trur nok det er litt vanskelig å sei for eg føler ikkje at eg manglar noko spesielt. Hadde eg gjort det, liksom mistrivst litt, så hadde det vært lettare å sagt kva det var.

Anne: Men det er godt miljø, hadde det ikkje vore godt miljø då hadde det ikkje vært noko å finne på. For det er jo eigentleg ingenting å finne på då. Anna enn det du gjør sjølv. Så derfor så kan ein si at miljøet er veldig viktig, altså folka.

Ung i Sogn og Fjordane har som målsetjing at ungdomspolitikken skal utviklast av ungdomane sjølve. I det ligg ei forutsetning om at ungdomane kan fungere som endringsagentar. Engelstad beskriv det som at ein må tenkje ungdomane i eit kohortperspektiv, ikkje pubertetsperspektiv.

Det vert skilt mellom to perspektiv:

Pubertetsperspektivet (eller vekstperspektivet) der ein ser ungdomstida som ei frigjeringsfase ein skal i gjennom til ein veks inn i det etablerte samfunnet sine normer og verdiar og gjer dei til sine eigne. Opprøret i ungdomstida ser ein som noko som går over når ein vert voksen. Med eit slikt syn er det vanskeleg å stille krav til ungdom, til dømes krav om deltaking i samfunnslivet. Det fritek vaksensamfunnet ansvar når ungdom stiller krav og kjem med reelle ønskjer og innspel (Øia 1995).

Det andre perspektivet på ungdom kan ein kalle kohort-perspektivet, og er ein vanlegare måte å sjå ungdom på. Medan pubertetsperspektivet tek fram det flyktige og ustabile, legg kohort-perspektivet vekt på kulturelle mønster som vert dannar i ungdomstida og som får varig karakter. Barn og unge vert ikkje sett på som uferdige individ med manglar i forhold til vaksne personar, men er sett på som kompetente aktørar (Kjørholt 1998, Lidén 2000 etter Engelstad m.fl. 2003). Ungdomane vert eit speilbilde av framtida. Vi ønskjer og forventar at unge skal ha innflyting i familien, på skulen, i fritidsorganisasjonar og i politikken. Det politiske systemet i Sogn og Fjordane legg krefter i å trekke ungdom inn i politiske beslutningsprosessar og organisasjonsaktivitet. Ungdom sjølve vil ha auka demokrati i skulekvardagen.

Ungdommar vi møter i denne undersøkinga, er lette å sjå i eit kohort-prespektiv. Dei er i høg grad kompetente aktørar, og dei er endringsagentar. Desse unge vil ta med seg eigne kunnskapar og eigen kultur inn i det etablerte samfunnet. Nokre av ungdomane er aktive på den organiserte politiske arenaen t.d. gjennom Ungdomsråd i kommunane. Andre er endringsangentar i sitt eige nærmiljø, til dømes på skulen. Vi møter endringsagentar som ikkje definerer seg inn i ei slik rolle, men som likevel i høg grad påverkar sin eigen arbeidsplass på skulen..

Ei av dei tydelege gruppene er dei sterke jentene både i nasjonale undersøkingar og i Ung i Sogn og Fjordane. Dei er tydelege, og dei er aktive på alle nivå. I følgje Rudberg (:15) har desse unge kvinnene sterke sjølvtillit og tru på eigen rasjonalitet enn mødrene hadde. Dei trur at livet kan planleggast i rette liner. Når framtida vart annleis møter dei dette med utviding av eigne perspektiv, snarare enn å bli plassert på sidelina. Ideane om framtida frå ungdomstida vert konfrontert med komplekse kjensler og konsekvensar for eige liv som dei ikkje hadde rekna med.

7. Kjennskap til prosjekta i Ung i Sogn og Fjordane

I det følgjande handlar det meir direkte om informantane og nokre av dei ulike prosjekta i programmet.

I møte med mange unge ser vi at dei færreste kjenner til einskildprosjekt i programmet. Dette trass i at dei har vore brukarar, kanskje også vore med å utvikla andre prosjekt i programmet. Eit døme på dette er Kristine som har vore aktiv i elevråd og i andre prosjekt i Ung i Sogn og

Fjordane. Ho bur på hybel og har vore brukar av velferdstenestene som er etablert gjennom prosjektet. På spørsmål om ho kjenner til Eit godt hybelliv, svarer ho nei. Ungdomen har sannsynlegvis vore med å diskutert prosjektet, fått informasjon om det, og kanskje også vore brukar, men er eit godt døme på at dei unge – sjølv ikkje dei som har vore aktive i utvikling av prosjekta lokalt, kjenner særleg godt til alle delane av Ung i Sogn og Fjordane.

Ungdomsrepresentantane i programstyret har hatt kontakt med mange unge i fylket, og melder om at dei ofte høyrer utsegn som at 'det blir ikkje gjort noko for ungdomen her i fylket'. Men når dei diskuterer vidare, kjenner ikkje dei same ungdomane til prosjekta i programmet.

Men som vi tidlegare har vore inne på, fortel ungdomane at dei kjenner at det er mogeleg for dei å påverke eigen kvardag.

Vidare drøftar vi korleis nokre av prosjekta i Ung i Sogn og Fjordane heng saman med desse ungdomane sitt liv.

8. Kva er viktige tiltak for ungdom?

Vi har tidlegare skreve om at det viktigaste for dei unge er å ha ei kjensle av å kunne forme sin eigen kvardag. Dei vil vere med å påverke både skulekvarden og fritida si, og ofte handlar dette om kommunikasjon. Dei vil bli snakka *med*, ikkje *til*. Det er viktig å sjå at det skjer konkrete endringar, men det skal vere som eit resultat av at dei sjølve gjorde noko for å få det til. Dette er overordna innhaldet i dei konkrete tiltaka.

Ungdomane viser at det er nødvendig med ei breidde i tiltak, og at ein tenkjer heilskap. Dei ulike prosjekta heng tett saman, og spelar saman i dei ulike sidene ved livet til dei unge. Vi ser og at ulike grupper unge i fylket har forskjellige behov. Det er viktig å følgje opp ei brei satsing frå fylkeskommunen si side, og kommunane må og ta satsinga på alvor.

Dei politisk aktive ungdomane understrekar alle at dei ønskjer å arbeide for ei større breidde i fritidstilbodet, "ikkje berre fotball" eller "ikkje berre friidrett". Det skal vere rom for ha ulike interesser, ein må kunne utvikle individualitet i lokalsamfunna. Like ofte ser dei det som ei viktig oppgåve å arbeide for trivsel på skule.

Få ungdomar kjenner til programmet og alle prosjekta, men nokre sider ved satsing står fram som både synlege og viktige for at dei skal trivast.

Tre område i programmet er særskilt viktige for ungdomane i undersøkinga. Dette handlar om transport, velferdsordningar og medverknad på ulike måtar og nivå. Dei held også fast i breidda og understrekar at ein må ha ei breidde for å nå ulike grupper ungdom.

Transport

Fleire av informantane er klare på at transporttilbodet er avgjerande i forhold til om det er godt å leve i fylket eller ikkje. På spørsmål om kva som skal til for at unge skal trivast eller bli verande i fylket, svarar dei fleste at dette er overordna.

Kristine: Det med ungdomskortet og heim for ein femtilapp har vore veldig vellykka ordningar, og sånn som ungdomskortet for oss som pendlar er det ein heilt ny verden. Så det er kjempepositivt.

A: Kvifor er det så viktig?

Kristine: Det er det at det gjev oss meir den fridomen til å reise heim att, for det er ikkje berre berre for fyrsteklassingar når dei må jo flytta på hybel, og da kunne reise heim att utan at det skal gå ut over økonomien, det er utruleg viktig altså.

Sigrid omtalar ungdomskortet som ”*ypparleg, det beste eg har sett på lenge. Eg veit ikkje kva eg skulle ha gjort utan det.*” Heim for ein femti-lapp har også betydd mykje for ho. Sigrid slepp å bli gåande utan å kome seg heim etter fest, og kjenner seg mykje tryggare no når ho slepp å setje seg inn i bilar for å få skyss heim att. Ho meiner det har vore eit vågalt prosjekt, men at det var vilje til å prøve noko nytt. Prosjektet har vist ho at det er mogeleg å få til endring, at det nyttar å arbeide for ei sak du vil ha fram.

Velferdsordningar

Ung i Sogn og Fjordane representerer ei satsing på gje å betre velferdsordningar til unge. Open skule, Betre hybelliv og Helsetenester på vidaregåande har vore viktige prosjekt.

Jentene i undersøkinga legg stor vekt på velferdsordningane som er utvikla på skulen. Det er viktig for trivselen deira, og er ofte bindeleddet mellom skulekvardagen og fritida deira. Mange unge i fylket bur på hybel og flyttar tidleg frå heimstaden. To av jentene fortel om korleis det er å bu på hybel. Det er viktig å merke seg at dei ikkje berre ser problem i det å flytte, men dei vurderer det også som ei positiv utfordring.

Stine: Men eg trur at når vi flytta på hybel som 15 åringer, eg trur faktisk at vi er blitt veldig mykje meir sjølvstendig bare av den grunn.

Anne: Vi klara oss bedre seinare

Stine: At det går ut over og skulearbeidet med tanke på at, i staden for at de som bur heime de skal begynne å studere og det blir litt meir kræsj ...

Anne: Eg lengta ikkje heim i det heile tatt

Stine: Du merka det av og til. Men altså, no er eg blitt meir vant til det. I begynnelsen så var det litt sånn, altså, det var veldig rart sant, det var ein stor overgang og sånn. Men no har det kome seg, det er fordi at man har så masse nære folk der opp.

Anne: Det var ikkje sånn for meg i det heile tatt i begynnelsen. Eg ville vere der, eg ville ikkje heim eg, så mamma og dei var heilt på tuppa og skal du ikkje komme heim snart. Dei andre drog jo heim kvar helg nesten i begynnelsen, og eg, nei eg syns det var så fint der opp eg.

Stine: Det er jo litt herlig å kome heim

Anne: Men det har veldig masse med miljøet her å gjere, at eg ikkje passar inn i det miljøet som var, derfor syns eg det var veldig befreielse å kome opp dit.

Vi har tidlegare har vore inne på er velferdsordningane viktige for desse ungdomane. Dei er brukarar av ordningane og konkretiserer kva og kvifor dette er nyttig.

Anne: Det er vaskemaskiner, to vaskemaskiner og tørketrommel. Gratis

Stine: Ja vi har tilgang til data og internett

Anne: Det er mange som brukar vaskemaskin og tørketrommel

Stine: Dei som ikkje har vaskemaskin og tørketrommel på hybel

Stine: Det er veldig bra tilbod altså

Anne: Det er liksom så kan du ta med deg kle på skulen så vaskar du mens du er på skulen så kan du ta det med deg heim igjen. Det er veldig lettvint.

Jentene ser og at velferdsordningane kan vere eit bindeledd mellom skule og fritid, ved at dei heilt konkret kan gjere fleire ting medan dei er på skulen i eit miljø.

Stine: Open skule er tenkt som at vi kan drive med skuleaktivitetar samtidig som vi kan bruke data og vaskemaskin.

Ei av dei aktive jentene, Sigrid, legg stor vekt på utviklinga av tilbodet open skule. Ho seier det er utruleg viktig, og vil bli meir og meir populært som eit samlingspunkt etter skulen. Det at ein vaksen er til stades, gjer at dei har nokon å snakke med og det betyr mykje. Personen hjelper dei med sying og andre hobbyting, og Sigrid set pris på at ho er dyktig på dette, at ho har eit skikkeleg opplegg. Også her set dei unge pris på fagleg dugleik.

På spørsmål om dei unge har vorte inkludert når i utvikling av open skule og om spelar dei på lag med ungdommar, bekrefter Kristine dette.

Kristine: Ja, i veldig stor grad.

A: Elevrådet eller enkeltelevar?

Kristine: Elevrådet til ei viss grad. Men sånne ting er betre å samarbeide med folk som er interessert i enkelting. Får berre håpe at det med open skule vert vidareutvikla.

Camilla omtalar helsestasjon for ungdom som eit ”utrueleg bra tilbod”. Det gjev ein mulighet til å spørje om kva ein vil om kroppen, det er tilgjengeleg og det er gratis. Ho meiner at tilboden burde vore utvida. Tilboden er mest brukt av jenter, og dette har Camilla to forklaringar på: at jenter har større behov og at gutane har større sperrer.

Stine og Anne seier at dersom dei hadde problem så hadde eg no gått til open helsestasjon, og at et er eit bra tilbod. Dei peikar samstundes på at ordninga er for lite synleg.

Anne: Eg har vært der og snakka med helsesøstra. Det er jo kjempegreier. Men det er ikkje sikkert alle hadde turt å gjort det.

Stine: Nei. Eg trur nok kanskje det hadde vært bedre viss helsesøstra hadde gått opp på skulen kanskje fortalt litt om det sånn at folk visste kven det var for ho er jo veldig

Anne: Det gjorde ho då.

Stine: Ja, men sånn ofte.

Anne: Ho er på skulen vår ein eller annan dag, men det er ingen som veit om det kor tid ho er der.

Stine: Men ho burde gått litt meir rundt å snakka med liksom klassane Men sånn som i fjar, i førsteklasse, då fikk vi besøk av helsesøster og ein barne- og ungdomspsykolog som snakka med klassen, vi snakka om krise, og problem i kvardagen og problem, problem heime, alt om hybelliv, alt mulig sånn, åssen ta kontakt, kva gjør vi viss det skjer noko.

Stine: Og det gjorde de i alle klassar, og det gjorde litt godt og altså med tanke på at man veit kor man kan gå man veit, ja informera sånn som de gjor. Men eg trur kanskje de burde gått rundt å snakka med klassane meir enn de gjør.

Anne: For eg trur det er nokon som har personlige problem men eg har ikkje sett at dei har snakka med nokon om det eigentleg.

Stine: Det er ikkje alle som har lett å snakke med folk heller sant om ting, og det er kanskje det dei bør ta opp og at de snakkar direkte i klassen.

Anne: Det er no det at folk skammar seg over tør ikkje sei det liksom

Fleire enn Anne og Stine ser det som eit problem at tilboden er for lite synleg, og at terskelen blir for høg for mange. Kristine seier at helsesøstera på vidaregåande er ekstremt anonym. Ho meiner at det er ingen som veit om helsetenesta på skulen; kvar ho er, ingen som veit kven ho er og kva ho gjer. Kristine tykkjer ikkje dette er bra, det er stort behov for det, helsestasjon for ungdom er veldig bra og fungera kjempegodt, seier Kristine, og meiner det er stor pågang heile tida.

Samla sett er dei svært nøgde med dei nye ordningane. Men mange ser altså problem med at delar av tilbodet ikkje er synleg nok, og ønskjer seg i større grad at helsepersonalet oppsøkjer dei i klassemiljøet.

Dei unge ser at det er store forskjellar på kven som nyttar desse tilboda, at jentene er den største brukargruppa. Dei har få forklaringar på kvifor, bortsett frå at gutane kanskje har høgare terskel.

Stine: Eg trur visst ein gutt hadde hatt problem

Anne: Vi ser ikkje det så lett

Stine: Nei, og at eg trur ikkje den personen ville hatt så lett å gått til open helsestasjon og snakka med helsesøster om det. Eg føle meir jente som man høre om har problema sant, og viss den guten som har problem då tenker han kanskje at 'nei det er litt flaut sant, det er bare eg som er gutt som har sånne problem'

Anne: Tenk om det er ein gutt som har anoreksia liksom,

Stine: Sant det er ofte det skjer

Anne: Men det er oftare enn vi trur fordi vi får ikkje høyre om det

Stine: Og eg trur nok den personen hadde hatt meir problem enn viss det var ei jente som hadde hatt same problemet. Men det er sånne ting eg trur kanskje hadde vært mykje enklare viss dei hadde gått rundt å prata om det i skulane, klassane.

Kristine meiner er det sikkert 95 % jenter som nyttar helseteneste for ungdom som tilbod. Ho trur gutane veit om det dei og, men at dei ikkje treng på same måte. Dette er ho usikker på. Dei er klare på at der er forskjellar mellom jenter og gutter i spørsmål om helse. Men det kan sjå ut som dei veit lite om kva gutter som er vene tenkjer om desse sidene ved livet, i kontrast til dei svært tette fellesskapet mange jenter har, der dei deler det meste dei har av tankar om livet.

9. Ungdom og programmet Ung i Sogn og Fjordane

Vi stiller spørsmål om kva for grupper av unge dei ulike prosjekta når, og om dei unge har medverka i utforminga. Medverknad er ei viktig målsetjing både for statleg politikk og for fylkeskommunen når dei har gjennomført satsinga si.

Unge i fylket har på same måten som ungdomar i andre delar av landet mange fellestrekksamstundes som dei har tankar og handlingsmønster som skil dei frå kvarandre.

Dei har forskjellige behov, og tiltaka når difor ulike grupper. Bruk av helsetenestene er eit godt døme nattopp på dette. Med støtte frå dei informantane våre seier vil vi hevde at tilbod kan vere like viktige sjølv om ikkje alle nyttar tenestene like mykje.

Dette er ein realitet som gjeld mange av prosjekta, og det er derfor viktig at den fylkeskommunale satsinga held fast både på heilskap og breidde.

Prosjekta har i lita grad vore målretta mot bestemte grupper av dei unge, og ein må lite på at breidda er ei sikring av at tiltaka har nådd mange. Undersøkinga viser og at fleire av prosjekta dekker områder unge ser som avgjerande for at dei skal trivast i fylket.

Unge som har vore direkte involvert i prosjekta er gjennomgåande svært positive til måten prosjekta er gjennomført på, og understrekar at deira stemme har vore høyrt. Dei gjev uttrykk for eigarskap til prosjekta, og meiner og at dei har ei har fått ei større kjensle av tilhøyre til fylket gjennom arbeidet.

10. Litteratur

- Annfelt, T. (2000): Om å riste kategoriene. I *Kvinneforskning* 1/2000.
- Bjerrum Nielsen, Harriet (2000): Inn i klasserommet. I: Imsen, Gunn (2000): *Kjønn og likestilling i grunnskolen* (s. 51- 70). Gyldendal Akademisk Forlag.
- Bjerrum Nielsen (1998): Små piger, søde piger, stille piger - om pigeliv og pigesocialisering. I: Klette, Brunstad, P. O. (1998): *Ungdom og livstolkning. En studie av menneskers tro og fremtidsvisjoner*. KIFO Perspektiv nr. 3. Tapir forlag, 1998.
- Dahler-Larsen, P. (1996):
- Dale, E. L. og Wærness, J. I. (2003): *Differensiering og tilpasning i grunnopplæringen. Rom for alle – blikk for den enkelte*. Cappelen Akademisk Forlag
- Engelstad, F. og Ødegård, G. (2003): Ungdom, makt og mening. Makt- og demokratiutredningen 1998-2003. Gyldendal Akademisk, Oslo
- Frønes, I. (2000): *De likeverdige. Om sosialisering og de jevnaldrendes betydning*. Gyldendal akademisk, Oslo.
- Giddens, A. (2002): *Modernitet og selvidentitet*. Hans Reitzels Forlag. København.
- Grepperud, Gunnar (red.) (2000): *Tre års kjedsomhet? Om å være elev i ungdomsskolen*. Gyldendal akademisk, Oslo
- Haug, P. (1997):
- Heggen, Kåre m.fl (red.) (2001): *Ungdom. I spenninga mellom det lokale og det globale*. Det Norske Samlaget
- Hellevik, O. (2001): Ungdommens verdisyn – livfase eller generasjonsbetinget? I *Tidsskrift for Ungdomsforskning* 2001/1:47-70
- Jönsson, I. m.fl. (1993): *Skola – fritid – framtid. En studie av ungdomars kulturmönster och livschanser*. Studentlitteratur, Lund.
- Klette, K. i(red.) (1998): *Klasseromsforskning på norsk*. Ad Notam Gyldendal.
- Lahelma, E. (2002) School is for Meeting friends: secondary school as lived and remembered. I *British Journal of Sociology of Education*, Vol. 23, No. 23, 2002
- Gordon, T. & Lahelma, E. (2002): Becoming an adult: Possibilities and limitation – dreams and fears. I *Young* 10:1 2002
- Lillejord, S. (2000): *Handlingsrasjonalitet og spesialundervisning. En analyse av aktørperspektivet*. Avhandling framlagt for dr.philos.-graden ved Det psykologiske fakultetet, Universitetet i Bergen.
- Nordahl, T. (2002): *Eleven som aktør. Fokus på elevens læring og handlinger i skolen*. Universitetsforlaget, Oslo
- Rasmussen, Jens (1998): *Sosialisering og læring i det refleksivt moderne*. Cappelen Akademisk Forlag.
- Repstad, P. (1998): *Mellom nærhet og distanse*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Rossow, I. (2003): Ungdommen nå til dags – tall fra ”Ung i Noreg 2002. I *Tidsskrift for Ungdomsforskning* 2003. 1(3):89-97
- Schanning, Espen (1993): *Modernitetens oppløsning*. Kap. 1 og 8. Spartacus forlag.
- Sollsnes, T. (2003): Det er bedre med **en** lærer som snakker **med** meg enn ti som snakker **til** meg. I *Spesialpedagogikk* 0903.
- Trondman, Mats (1999): *I Kultursociologi i praktiken*. Studentlitteratur, Lund
- Waara, P. (1996): *Ungdom i Gränsland*. Borea, Umeå.
- Øia, Tormod (red.) (1996): *Ung på 90-tallet*. Cappelen.
- Aagre, W. (2003): *Ungdomskunnskap. Hverdagslivets kulturelle former*. Fagbokforlaget, Bergen.

